

LNK AVISA

info@lnk.no

NR 2 • 2008 • ÅRGANG 7

www.lnk.no

Nye idear til klasserommet

Nynorskundervisninga treng oppfrisking. Det har Snöball Film og Nynorsksenteret gjort noko med.

• Sjå s. 3

Tunnel for hardt vêr

Ein skipstunnel for føring av skip over Stad, Europas mest vêrharde strekning, kan bli ein realitet i 2014.

• Sjå s. 18

Fjernadopsjon

Det hender at folk i Oslo sender postkort til sauen dei har adoptert i Fjærland.

• Siste side

Å velje eit språk



Agnes Ravatn (25) kjem aldri til å skrive bokmål, trur ho. Kva spelar inn når ein vel eit literært språk?

• Sjå s. 10-11

Ikkje aktivist



Den nye redaktøren i Fædrelandsvennen synest ikkje det er avisa si oppgåve å halde liv i nynorsken.

• Sjå s. 12-13



Samspel i nye former

Samarbeidet mellom frivillige krefter og profesjonelle utøvarar var avgjerande for eit av dei største Stavanger2008-arrangementa blei ein suksess. 900 frivillige stilte opp for å avvikle vintershowet. Me har verdsrekorden i frivillig arbeid her i landet.

I 2004 vart det lagt ned om lag 200 millionar timar på dugnad. Me engasjerer oss både i organisasjonslivet og samfunnsdebatten.

• Sjå s. 6-9



TRADISJON OG MODERNE KOMFORT – HAND I HAND!

Hotell Hordaheimen framstår som ny, større og endå betre! Vi gjev alle medlemmer av LNK og deira tilsette spesialprisar på overnatting både helg og vekedagar.

	Vekedagar	Helg
Enkeltrom	kr 695,-	kr 595,-
Dobbeltrom	kr 895,-	kr 795,-

Sei du representerer ein LNK-kommune når du tingar rom. Herleg frukostbuffet er inkludert.

HOTELL  HORDAHEIMEN

Tlf: 55 33 50 00 / e-post: booking@hordaheimen.no

Informasjonsavis for
Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar

Redaktør
Toyni Tobekk

Journalisten, den nynorske

Etablering av mediehuset Media Norge med avisene Adresseavisen, Aftenposten, Bergens Tidende, Fædrelandsvennen og Stavanger Aftenblad som eigarar kan by på nokre interessante utfordringar for ein nynorsk journalist.

Avisene i mediehuset driv med såkalla stoffutveksling. Det betyr at ei sak frå Bergens Tidende også kan nyttast i Aftenposten eller Adresseavisen. I fjor opplevde BT-journalist Per Marifjæren at teksten hans vart omsett frå nynorsk til bokmål i ei slik saksutveksling med Aftenposten, utan at han fekk vere med og ta den avgjerda. Brusselkorrespondent i BT Eystein Røssum har teke inn over seg at sakene hans like gjerne kan bli brukt i bokmålsavisene til Media Norge, og leverer stort sett berre nyheitssaker frå EU-hovudstaden på bokmål.


Marifjæren og Røssum er ikkje aleine om å måtte vurdere konsekvensane av å bruke nynorsk og å måtte ta eit medvite val om det eine målføret framfor andre. Journalistar og forfattarar blir stadig konfronterte med at dei er nettopp det - ein nynorsk journalist eller ein nynorsk forfattar. Spørsmålet "kvifor bruker du nynorsk" er ikkje uvanleg.

Nynorsk mediesenter skal no for niande gong utdanne nynorske journalistar til å bli trygge på språket sitt og det valet dei gjer om å bruke det. Inger Johanne Sæterbakk kom frå mediesenteret til NRK Troms og Finnmark og opplevde å bli hetsa av publikum for å bruke normert nynorsk i radiosendingar. Men ho fekk full støtte frå redaksjonen og frå lokale aviser, og Sæterbakk har halde fram som nynorskjournalist i Nord-Noreg.

Utfordringa for Media Norge og journalistane deira blir kven som skal støtte kven i dei vala dei tar.

Å tenkje gjennom og vurdere kvifor ein tar eit val om å bruke nynorsk er både sunt og karakterbyggjande for journalisten, og kanskje ville mange bokmålsjournalistar ha stor nytte av å måtte gjere det same.

For nynorsken er derimot eit stort slag vunne når journalisten ikkje lenger treng å rettferdiggjere det valet ho har tatt.



Ei viktig melding

Stortingsmeldinga om norsk språk er venta i slutten av april. Dette er ei viktig melding. Debatt om norsk språkpolitikk, og korleis vi best mogleg tar vare på det norske språket, er naudsynt og viktig. Ikkje minst må vi sørge for å styrkje nynorsken sin posisjon.

Nynorsk språk og skriftkultur er under stort press. Jamvel om målrørsla og den institusjonaliserte nynorskverda gjer ein kulturinnsats det står respekt av, har bokmål og nynorsk heilt ulike konkurransevilkår. På dei fleste av språkbruksarenaene i samfunnet slepper ikkje nynorsken til. Det er marknadskreftene som rår grunnen både i rikspressa, i dei store forlagshusa, i næringslivet generelt og på mange andre felt. Nynorsken har mot seg eit fleirtalspress. Difor må ein frå statleg hald stimulera og leggja til rette for nynorsk. Demokratiet treng mekanismar for å verne minoritetsinteresser. Dette gjeld ikkje minst på område som har med språkleg og kulturelt mangfald å gjere. Språk og språkutvikling gjeld alle delar av samfunnslivet. Dette handlar om demokrati og medvit om språket sin verdi for kultur og identitet.

Kampen for nynorsk språk og kultur bør ikkje vera ein kamp med front mot bokmål. For jamvel om nynorsk og bokmål er språklege uttrykk for to ulike tradisjonar, to ulike kulturar, som opphavleg stod mot kvarandre og kjempa om nasjonalt hegemoni, er situasjonen i dag ein annan. Nynorsk og bokmål må oppfattast som integrerte delar i ein nasjonal felleskultur, som eit uttrykk for eit kulturelt mangfald som det ville vera eit stort tap for Noreg som kultur nasjon å miste.

I Kulturmeldinga som blei lagt fram av Bondevikregjeringa, blei det uttrykt at "I 2013 er det 200 år sidan Ivar Aasen vart fødd, og det tiåret som står att fram til dette jubileet, kan vera eit høveleg tidsperspektiv for eit meir systematisk arbeid med å styrkja den nynorske skriftkulturen. Eit slikt arbeid må skje over eit breitt felt, gjennom eit samspel mellom private og offentlege aktørar." Eit breitt fleirtal i Stortinget slutta seg til dette i handsaminga av kulturmeldinga 1. april 2004. Eg forventar at regjeringa følgjer opp i språkmeldinga som no kjem. Den nynorske skriftkulturen må styrkjast.

Mållova slår fast at bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vere jamstilte skriftspråk i alle offentlege organ. Formelt sett er nynorsk og bokmål likestilte målformer, men reelt sett har nynorsk vanskelegare kår. Eg meiner det offentlege har eit særskilt ansvar for å leggje til rette for at nynorsk kan utvikle seg på ein god måte. Bruk av nynorsk i offentlig forvaltning representerer ei motvekt til dei delane av samfunnet der nynorsk har dårlege rammevilkår.

Skal eit språk haldast i hevd, må det brukast. Det gjeld òg for nynorsk. Både praktisk og økonomisk må det leggjast til rette for at nynorsk kan tryggje og styrkje posisjonen sin, som eit levande bruksspråk så vel som eit likeverdig offisielt skriftspråk ved sida av bokmål.

Bokmålsbarn får mykje gratis fordi dei møter sitt eige språk overalt. Nynorske barn gjer ikkje det. Dei må få møte sitt eige språk fleire stader enn i skulebøkene. Desse barna treng òg sakprosa og lettare underholdningsstoff som teikneseriar og annan populærkultur på nynorsk. Då vil dei erfare at språket deira kan brukast til alt og over alt. Norske barn får i dagens TV-tilbod ikkje eit realistisk bilete av korleis deira jamaldrande snakkar eller lever i Noreg.

Eg vil streka under det ansvaret NRK har for å styrkje det norsk språket, og at begge dei offisielle målformene skal nyttast. Særleg viktig er det at barn får høyre begge målformene, òg i program som er retta inn mot barn og unge. I dag blir det sendt svært lite nynorsk i barne- og ungdomsprogram på NRK. Innsatsen med å få meir nynorsk i program retta mot barn og unge i NRK må styrkjast. Difor har Kristeleg Folkeparti mellom anna fremja forslag i Stortinget om større nynorskandel i NRK sine program som er retta mot barn.

KRONIKKFORFATTAREN

**May-Helen
Molvær Grimstad (KrF)**

**leiar i Familie- og
kulturkomiteen på Stortinget**



Utgjevar:
Landssamanslutninga av
nynorsk-kommunar (LNK)

Redaksjon:
Alice Tegle
Astrid Eidh. Hjelmeland
Hjørdis Almelid Vikenes
Ingrid Hillestad
Judith Sørhus Littlehamar
Sigbjørn Høidalen
Toyni Tobekk

Korrekturlesar:
Ola Hauge

Adresse til redaksjonen:
LNK-Avisa
Næringsbedet i Vatlandsvåg
4235 Hebnes

Telefon 52 79 04 80
Telefaks 52 79 04 81
E-postadresse:
bladstova@lnk.no

Montering:
Norsk Plan A/S -
Astrid Eidh. Hjelmeland

Trykk:
Sunnhordland

Opplag omlag 6000
Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år og
kan tingast hjå
LNK, tlf. 22 33 14 00,
LNK-Avisa, tlf. 52 79 04 80,
eller bladstova@lnk.no
Pris kr 150 per år.

Utgjevingsplan
27/5, 2/9, 14/10, 2/12

Annonseprisar:
1/1 side kr 17 000,-
(253x360 mm)
1/2 side kr 10 000,-
(253x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 6 500,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
20 kroner per millimeter.

Prisane gjeld ferdig materiell.
Tillegg for farge.

Annonser blir å levera
som pdf-fil til:
bladstova@norsk-plan.no

Har filma nynorskundervisning



Elevlar på Brannfjell skole i Oslo hadde skriveprosjekt saman med elevlar på vennskapsskolen i Etne i Hordaland. IKT var ein viktig reiskap i prosjektet. (Foto: Snöball Film)

Eit knippe rykande ferske filmar skal gje lærarane nye idear til sidemålsundervisninga.

INGRID HILLESTAD
ingridhillestad@hotmail.com

Nynorsksenteret og Snöball Film AS står bak dei tjuve filmane som no ligg føre. Dei to aktørane har samarbeidd om prosjektet "i praksis: nynorsk som sidemål i grunnskulen" kring eitt år. Sidan februar har undervisningsfilmane vore tilgjengelege på internett gjennom Nynorsksenteret sine nettsider. No

gjenstår berre å sende CDar med filmane ut til skulane.

- Filmene gjev gode døme på nynorskopplæring. Me tenkte dette ville vere ein konkret måte å gje lærarane idear på, fortel leiari ved Nynorsksenteret, Anne Steinsvik Nordal.

MOROSAM LÆRING

Opptaka varar i alt frå nokre minutt til ein halv time. Døma er henta frå skular i Trondheim, Stavanger, Bærum, Oslo og Nesodden. Målet er å få fram at sidemålsundervisninga kan vere både spennande, variert og lærerik.

- Nynorskundervisninga treng ikkje vere som ei framandspråkleg opplæring. Me vil gje elevane og lærarane tru på at dei

kan mykje frå før og at det kan vere morosamt å lære nynorsk, held Nordal fram.

Det er nemleg ikkje berre elevlar som ofte gruar seg for nynorskundervisning. Også lærarane kan kjenne seg usikre på sidemålet. I filmene får dei oppleve konkrete undervisningssituasjonar i

klasserommet, samstundes som lærarane i filmene reflekterer rundt undervisninga si.

FLEIRKULTURELL NYNORSK

"Vårdag med Veslemøy", "Vi skriv dikt" og "Reklame på nynorsk" er døme på titlar på dei mange filmene. Me får mellom mykje anna oppleve små ungar som les Haugtussa, ein lærar som møter elevane utkledd som Ivar Aasen og ungdomsskuleelevar som rappar om same mannen. Sistnemnde døme er filma på Holmlia skule i Oslo, der det blir fokusert på korleis minoritetsspråklege elevlar lærer nynorsk. Dei fleste filmene er retta mot ungdomstrinnet, men nokre er også vinkla mot dei yngste elevane.

MOTIVERANDE FILMAR

Ei faggruppe sett saman av representantar frå Nynorsksenteret og tilsette ved høgskular har følgt og kvalitetssikra arbeidet saman med filmprodusentane. Det uavhengige produksjonsselskapet Snöball Film AS, som samarbeider med Bro Kompetanseutvikling, har spesialisert seg på undervisningsfilm og kunnsapsformidling. Dei har lagt vekt på å få fram stor breidde i metode og innhald i filminga av sidemålsundervisninga. Responsen så langt er positiv, også frå Utdanningsdirektoratet.

- Me har fått høyre at det er motiverande filmar, sluttar Nordal.



"Den frugnaste av alle vokstrar er mosen"

Ordtak frå Rasmus Løland

Kommunalbanken finansier lokale løysingar
- den leiande finansieringsinstitusjonen i kommunemarknaden

KBN Kommunalbanken
Norge

Kommunalbanken AS Telefon 21 50 20 00 Telefax 21 50 20 01 www.kommunalbanken.no

I meir enn 80 år har me hjelpt kommunane med å få meir ut av midlane sine. Det er den fremste oppgåva vår.

Me kan gje kommunen din råd og rettleiing om finansiering som kan realisera kommunen sine mål.



Landssamanslutninga
av nynorskkommunar (LNK)

P.B 7044
St. Olavs plass
0130 Oslo

www.lnk.no

info@lnk.no

Dagleg leiar:
Vidar Høviskeland

Styret:

Jan Magne Dahle, leiar
Astrid Myran Aarvik, nestleiar
Solfrid Borge
Kjell G. Helland
Rune Øygard

Varamedlemer:
Nils R. Sandal
Velaug Veum
Oddvar Haugland

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrkjer dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forsikring
Hotell Bondeheimen
Fagforbundet
Kommunalbanken

Sogn regionråd i LNK

LNK har fått ein ny medlem når Sogn regionråd no har meldt seg inn i samanslutninga. Regionrådet femnar om kommu-

nane Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal, Luster, Årdal, Lærdal og Aurland og har kontorstad i Sogndal.

Høviske ord

Det gjekk skeis med regionreforma. Maktkåte byråkratar hos fylkesmenene og i departementa, uengasjerte politikarar både her og der, og ei generell mistru til at naboen vil oss vel, spente bein under den potensielt viktigaste endringa i offentlege maktstrukturar her i landet på mange, mange år.

Dei fleste lente seg resignerte attende i godstolen og konstaterter at der fauk den fuglen. Så senka freden seg – heilt til professor Frank Aarebrot gjekk ut i BA og fortalde at vestlendingane no er så sure og sinte på maktarrogansen i Oslo at ein ikkje skal sjå bort frå at det vil bli stifta eit eige Vestlandsparti. Dei av oss som tykkjer bygdelister og andre såkalla "upolitiske" syt-, klag- og protestlister er ein styggedom - sjølv i kommunestyra, kvakk til. Skulle me no få uvesenet på fylkesnivå og?

Aarebrot visste kva han gjorde og kva bål han bar ved til: Dagen etter hadde pressa grave fram minst to listeeigarar som kvar for seg ville arbeida for å skipa eit Vestlandsparti. Den eine av desse hadde til og med samla underskrifter for saka i fleire år. Bakgrunnen for begge listene var sjølvsagt nett det Aarebrot åtvarar mot: Ei ulmande misnøye mot ressursfordelinga her i landet. For smale, for korte og for få vegar utanfor Oslo. For smale og for korte og for få regjeringsmedlemer utanfor Oslo. For smale og for korte og for få statsetarar utanfor Oslo, osv. Ein kan meina kva ein vil om slike ein-skildsaker og argumentasjonen bak dei, men dei

må takast på alvor. Slike haldningar spring ikkje vekk av seg sjølv.

Det bør ikkje vera politisk grunnlag for regionale bygdelister i Noreg – korkje på Vestlandet eller i andre landsdelar. For dette er ikkje noko vestlandsfenomen åleine: Over heile landet ulmar det i glørne etter meir og mindre godt funderte fordommar – eller endå verre: Døme på at sunn skepsis ikkje alltid botnar i fordommar. Trøndarar, nordlendingar og vestlendingar kjenner sikkert tilhøyre til sine respektive regionar, men neppe så sterkt at dei let slikt overskygga politisk overtvinging og ideologi.

Men den sunne skepsisen mot eit særst sentralisert styresett er her – ofte hand i hand med ikkje fullt så sunne fordommar. Regionreforma kunne ha blitt eit botemiddel mot slike haldningar. Ved å byggja opp sterke, økonomisk solide regionar med viktige oppgåver og ansvarsområde, og med ein slags "verdibalans" seg i mellom, vil det vera råd å nøytralisera mykje av misnøya.

Me treng altså ei ny satsing på norske regionar. Lat Fylkesmannen få halda på sine kjerneoppgåver og flytt alle dei andre oppgåvene hans over til eit demokratisk valt fylkesting. Legg opp til ei grundig evaluering av korleis helseføretaka fungerer - kanskje sjukehusa likevel burde ha vore styrde av folkevalde?

Den mislukka regionreforma demonstretre alt for tydeleg at me ikkje stolar på at naboeane våre. Det syner at me treng sosiale, politiske

og kulturelle treffplassar der me kan bli kjende med kvarandre og byggja opp tillit til kvarandre. Lat Vestlandsrådet, og andre tilsvarande samanslutningar på tvers av fylkesgrensene rundt om i landet, få høve til å utvikla seg vidare.



Vidar
Høviskeland
er dagleg
leiar i LNK

Legg til rette for nynorsk

Nytilsett redaktør i Kommunal Rapport, Britt Sofie Hestvik, lovar i ein kommentar at ho vil legge til rette for meir nynorsk i vekeavisa.

JUDITH SØRHUS LITLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

LNK - avisa sette tidlegare i år fokus på om eit redaktørskifte i Kommunal Rapport ville føre til ein høgare nynorskprosent i avisa. Nytilsett redaktør Britt Sofie Hestvik la då vekt på at det er heilt naturleg med både nynorsk og bokmål i

Kommune-Noreg si eiga avis, men at ho ikkje kunne love noko. I ein kommentar i eiga avis lovar ho no å legge til rette for meir nynorsk.

"Eg meiner det er heilt naturleg å veksle mellom nynorsk og bokmål i heile Kommune-Norge si avis. Eg bruker begge målformene sjølv, og eg vil legge til rette for meir nynorsk i spaltene. (...) Både når det gjeld val av målform og medium, seier eg som Ole Brumm: Ja, takk. Nynorsk og bokmål, nett og papirutgåve med nyhende på kvar sitt særreigne vis er ei skjønning forening", skriv Hestnes.

Lølandstipend til Birkedal

Forfatteren Arnt Birkedal frå Stavanger er tildelt Rogaland fylkeskommunes Rasmus Lølandstipend. Stipendet skal stimulere til meir god norsk barne- og ungdomslitteratur, og er på 100.000 kroner.

Det er Stipendkomitéen i foreininga Norske Barne- og Ungdomsbokforfattere som avgjer kven som skal få stipendet.

ABC
Startsida

Vi gjer nettet
nyttigare!

www.startsida.no

Nordsjøkonferansen 2008

TIL EUROPA ETTER ARBEIDSKRAFT

– OVER BEKKEN ETTER VATN?

Queen of Scandinavia 25. - 28. september 2008

Fredag 26.9.

- 09.00 Opning
v/ adm. dir. Petter Skoven,
Kommunalbanken
- 09.15 Arbeidskraft frå Europa – flyttemønster og arbeidsmigrasjon
v/ professor of Sociology and Social Policy, Stein Ringen,
University of Oxford
- 10.00 Eit Noreg i omstilling - korleis ser norske kommunar ut om 10 år?
v/professor i samfunnsplanlegging,
rektor Jørgen Amdam, Høgskulen i Volda
- 10.45 Spørsmål og kommentarar
- 11.00 Kaffi og frukt
- 11.20 Røff guide til samtidslitteraturens syn på bygde-Noreg
v/litteraturmedarbeidar Marta Norheim, NRK
- 12.00 Lunsj
- 13.00 Der som ingen skulle tru at nokon ville bu.
Knut Vareide, Telemarksforsking,
presenterer Norsk
attraktivitetsbarometer
- 13.45 Er kommunane/regionane budde på nye utfordringar?
Arne Kleppa, Ryfylke IKS, Anne Grethe Bakke, Hordaland Reiseliv,
Marta Norheim, NRK og Knut Vareide, Telemarksforsking.
Debatteiar er direktør Einar Schibevaag, Garborgsenteret,
Bryne.
- 14.50 Oppsummering
v/ journalist Linda Eide, NRK
- 15.00 Møteslutt
- 16.00 Kvelden til disposisjon i Newcastle

Sundag 28.9.

- 09.00 Opning
v/ styreleiar Jan Magne Dahle, LNK
- 09.10 Kampen om arbeidskrafta – nye utfordringar for kommunane
v/kommunalminister Magnhild Meltveit Kleppa
- 09.40 Rekruttering og arbeidsmigrasjon – etiske og arbeidsrettslege problemstillingar
v/leiar i Fagforbundet, Jan Davidsen
- 10.10 Spørsmål og innlegg
- 10.30 Kaffi- og fruktpause
- 10.50 Arbeid og språk - innvandring og utvikling
v/direktør Sylfest Lomheim,
Språkrådet
- 11.20 Språklege følgjer av arbeidsmigrasjon - Kva vert utdanningssystemet og LNK sine roller
v/førsteamanuensis Jan Olav Fretland, Høgskulen i Sogn og Fjordane
- 12.00 Spørsmål og kommentarar
- 12.15 Lunsj
- 13.15 Rekruttering av arbeidskraft - økonomiske konsekvensar for kommunane
v/marknadsdirektør Kjell Pettersen,
Kommunalbanken
- 13.40 Spørsmål og innlegg
- 13.50 Oppsummering v/journalist Linda Eide, NRK
- 14.00 Konferanseslutt
- 15.00 "Queen of Scandinavia" kjem til Stavanger

Laurdag 27.9.

- Alt. 1**
- 11.00 Buss til Newcastle/Gateshead
- 12.00 Guida omvising på Baltic Centre of Contemporary Art
- 13.00 Utsiktslunsj på Baltic Centre
- 14.00 Byvandring frå Gateshead til Laing Art Gallery via Millenium Bridge
- 14.30 Ettermiddag til disposisjon i Newcastle
- 17.00 Buss til North Shields/ferje
- Alt.2**
- 11.00 Buss til Newcastle
- 11.30 Formiddag til disposisjon i Newcastle
- 14.00 Fotballkamp Newcastle - ? (terminliste ikkje klar)
- 17.00 Buss til North Shields/ferje
- 19.00 Aperitiff og ord for dagen
v/norsk attraksjon Linda Eide
- 20.00 Festmiddag

Avreise/ankomst frå/til Bergen, Haugesund eller Stavanger.

Deltakaravgift, inkludert lugar og alle måltid om bord: kr 3 600,-

Fleire detaljar og PDF-versjon av programmet på

www.LNK.no

Påmelding innan 15.05.08 til

post@LNK.no



KBN Kommunalbanken
Norge

Engasjement

Verdsrekord i frivillig arbeid

Trenden er at dei frivillige ynskjer å sjå raske resultat av arbeidet, seier forskar Karl Henrik Sivesind ved Institutt for samfunnsforskning og viser til at Noreg har verdsrekorden i frivillig arbeid.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Den frivillige innsatsen i landet er bra, meiner Sivesind. 58 prosent av befolkninga over 16 år deltok i frivillig arbeid i 2004. Det er ein markert auke frå 52 prosent i 1997. Til samanlikning er det i Sverige 51 prosent av befolkninga som bruker noko av fritida si på frivillig arbeid.

- Dette fritidssamfunnet er eit skandinaviske fenomen. Me bruker mykje tid på fritid og forventar ikkje å kome til dekkabord, meiner han og viser til at det no er ein større del av befolkninga som deltek i frivillig arbeid, men at det samla time-talet som vert brukt har gått ned.

VIL SJÅ RESULTAT

- Kvinner har hatt ein liten attendegang, medan menn har gått noko fram. Aldersgruppa mellom 16 og 24 år går noko attende medan foreldregruppa mellom



Noreg er på verdstoppen når det gjeld frivillig arbeid. (Illustrasjonsfoto)

25 og 49 år går fram. Dei over 50 er ganske stabile når det gjeld timetalet, seier Sivesind.

Kultur og fritidsfeltet tek i følgje ei undersøking frå 2004 over halvparten av tida med frivillig arbeid. Mykje av dette er dugnadsinnsats.

- Eg høyrer mange organisasjonar seier det er vanskelegare å få folk til å ta på seg verv i eit styre enn å engasjere seg reint praktisk. Folk er opptekne av aktivitet og å sjå raske resultat. Verv kan også opplevast som eit ubegrensa ansvar, mange har nok møte å gå på i

andre samanhengar, fortel Karl Henrik Sivesind.

OPTIMISTISK FRAMTID

Sivesind ser også at nokre organisasjonar tydeleg går attende når det gjeld frivillig innsats.

- Dei gamle folkebevegelsane som handlar om fråhald, religion, arbeidarrørsla, bønder og fiskarar går attende. Dette er organisasjonar som har vokse fram under ein annan samfunnstruktur.

Samfunnsinteresserte organisasjonar har ofte også ein fast kjerne medlemmer, medan dei i tillegg har sympatisørar som kan mobiliserast til ulike aktivitetar, meiner han.

Sivesind er optimistisk med tanke på framtida.

- Me ser at både menn og kvinner i alle aldersgrupper deltek i frivillig arbeid, så eg er optimistisk ja, seier han.

Frivillig arbeid

Den vaksne befolkninga utfører nesten 200 millionar timar som frivillig arbeid. Noko som tilsvarer omtrent 113 500 årsverk.

54 prosent av arbeidstimane vert brukt til kultur – og fritidsorganisasjonar

Bustad og økonomi får 17 prosent av timane

13 prosent vert brukt på velferd medan 10 prosent av timane går til politiske, humanitære og miljøorganisasjonar.

Religion og livssyn får seks prosent, det er ein nedgang frå 11 prosent i 1997.

(Kjelde: Statistisk sentralbyrås dokumentasjonsrapport "Omnibusundersøkelsen april/mai 2004")

Vi bryr oss om miljø

Plastposar, kjeldesortering og økologisk mat engasjerer. Vi er minst like opptekne av miljøvern no som på åttitalet, hevdar miljø- og forbruksrørsla Grønn Hverdag.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Faktisk er det ting som tyder på at det personlege engasjementet er større no enn for tjue år sidan, då miljøvern handla mest om forureining frå storindustrien, seier informasjonsrådgjevar Håkon Lindahl i Grønn Hverdag. FNs fjerde

klimarapport (2007) har utpeikt menneskeskapte klimaendringar som det største miljøtrugsmålet, og det går rett i folks personlege vanar. Grønn Hverdag merkar det ved at dei får stadig fleire forespurnader frå publikum, at besøks-tala på heimesidene deira aukar og at medlemstalet stig.

FRUSTRERTE OVER SØPPEL

Miljøengasjementet er ofte retta inn mot det konkrete og handterbare, som kjøp av klimavoter på fly og kva mat som er rett å handle og ete. Plastposar kontra handlenett og kjeldesortering er aktuelle spørsmål.

- Mange kontaktar oss og uttrykkjer stor frustrasjon over for dårleg tilrettelegging for kjeldesortering i heimkommunen sin, seier Lindahl. I det heile opplever Grønn Hverdag at folk ønskjer tilrettelegging for å leve miljøvenleg og at vi er villige til å betale meir for å få



Søppel:

I 2006 produserte vi 9,6 millionar tonn søppel i Noreg, ifølgje SSB. Då hadde søppelmengda auka med 200 000 tonn i året sidan 1995, og avfallsmengda frå hushalda er det som veks fortast.

Miljøverndepartementet har eit uttalt mål om at den samla gjenvinninga av søppel skal vere 75 prosent innan 2010. I 2006 vart nesten 70 prosent av alt avfall gjenvunne. 58 prosent av alle drikkekartongane i Noreg blir samla inn og resirkulerte.



Plastposar:


Grønn Hverdag ønskjer at vi skal slutte å kjøpe stive, harde plastposar når vi handlar i butikken og heller bruke handlenett. Ordførar Leif Johan Sevland (H) har lansert tanken om å gjere Stavanger til ein plastposefri by.



Klimavotar:

Ved kjøp av flyreiser kan forbrukarane velje å kjøpe klimavote som gjer opp for CO2-utsleppet flyturen representerer. Om lag 32 millionar reisande passerte norske flyplassar i 2007. Mittklima.no har seld 2500 klimabilletter i fjor, noko som tilsvarar 8000 tonn CO2. SAS melder og om lågt sal av klimabilletter og selde i andre halvår i fjor klimabilletter

som gjorde opp for 7000 tonn CO2. Årleg innanriksflyging mellom Oslo og Bergen representerer eit CO2-utslepp på 120 000 tonn. (Kjelde: Forbrukerrådet)



Organisasjonane:

Dei fleste organisasjonane melder om medlemsvekst

Engasjement

Lokkar dei yngste til valurnene

Lokalavisene skal skape lokalt samfunnsengasjement hjå dei yngste veljarane.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

- Prosjektet Ung og engasjert skal setje fokus på korleis lokalavisene kan bli endå betre på å skape engasjement hjå unge menneske, seier generalsekretær i Landslaget for lokalaviser (LLA) Rune Hetland.

UNGE MEININGAR PÅ TRYKK

Målet med prosjektet er å få dei yngste interesserte i lokalsamfunnet og det politiske spelet. Slik skal ein få opp valdeltakinga blant førstegongsveljarane. Og Hetland legg vekt på at det er ei utfordring å kome i dialog med dei yngste lesarane.

- Ein må la dei unge få uttale seg, bruke dei som kjelder og fokusere på stoff som også gjeld dei. Det er viktig å stimulere dei unge til å ha meiningar og få dei på trykk i avisa, seier han.

Sjølve prosjektet startar opp på LLA sitt landsmøte i slutten av april. I følgje Rune Hetland er ein sentral del av prosjektet at dei unge sjølve skal få gi ein del svar på korleis dette skal gjerast. Framleis er finansieringa av prosjektet



Rune Hetland i LLA håpar no at lokalavisene skal auke det lokale engasjementet hjå dei yngste veljarane. (Arkivfoto)

noko usikker, men LLA er i dialog med kommunaldepartementet om ei eventuell økonomisk støtte. Arbeidet i 2008 vil derimot først og fremst bli drive med LLA sine egne midlar.

FØRSTE MÅL I 2009

- Me startar opp no i haust med å etablere grupper blant ungdommane og

lokalavisene for å starte idédugnaden. Etter kvart vil me truleg også arrangere meir sentrale og nasjonale konferansar om temaet. Me har sagt at finansieringa for prosjektet skal vere på plass i slutten av august, seier Hetland og viser til at prosjektets første delmål vert stortingsvalet i 2009 og sjølvstøtt kommunevalet i 2011.

Det er naturleg at dersom ein først klarer å kommunisere godt med ungdommane så vil dei bli interesserte i lokalsamfunnet og sjansen for at dei bruker stemmeretten sin aukar, meiner Hetland. Store deler av årets landsmøte er sett av til å debattere situasjonen til dei yngste lesarane. Ungdommar frå medielinja ved Indre Troms vidaregåande skule på Høgtun skal i forkant av møtet gå gjennom ein del av lokalavisene og vil ytre sine meiningar om kva som fungerer og kva som må bli betre dersom den oppvaksande generasjonen skal bli aktive lesarar. Fleire foredragshaldarar vil også fokusere på temaet, blant anna Kirsten Helene Teige i Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar, redaktør Janne Hopmo i Frostingen, som i fjor fekk Ung mediapris av Nord - Trøndelag Barne - og ungdomsråd, og lokalavisa Firda sin kanalredaktør Arild Nybø.

BREMSEA PÅ

På eitt område er det likevel vanskeleg å endre haldningane og mønsteret vårt til å bli meir miljøvennleg, og det er når det gjeld forbruksveksten. Det er nær samheng mellom forbruksvekst og miljøproblem, seier Lindahl. Å få nordmenn til å forbruke mindre er ønskeleg, men ei svært vanskeleg oppgåve i økonomiske oppgangstider kor ikkje lommeboka er med og bremsar kjøpefesten.

- Utfordringa for oss blir då å endre innhaldet i veksten.

Det er heller ikkje til å kome forbi, meiner Lindahl, at det er enklare for enkeltmennesket å kritisere og krevje meir av styresmaktene enn å gripe inn i eigen kvardag.

Folk er motiverte for å ta ansvar for menneskeskapte klimaendringar, seier informasjonsleiar i Grøn Hverdag, Håkon Lindahl. (Foto: Grøn Hverdag)

det til, men at styresmaktene heng etter og ikkje greier å følgje opp.

- Vi er veldig fornøgd med det nye forslaget frå Høgre om å innføre skattelette på tenester som husvask og barnepass. Det er god miljøpolitikk å gjere tenester billigare og ting dyrare, seier Lindahl.



	1998	2007	2008
Framtiden i våre hender	16200	21700	22800
Bellona		1993	2590
Naturvernforbundet	21150	17748	18252
Natur og ungdom	3330	5000	6073
Grøn Hverdag	33088	48925	61356

Miljørørsla opplever i tillegg til medlemsauke også auka merksemd frå media. Framtidi i våre hender melder om 2-3 gonger så mange førespurnader frå media i 2007, medan Naturvernforbundet kan melde om meir enn 4000 mediereferansar i fjor, noko dei karakteriserar som rekordhøgt.

Klimaendringane, global oppvarming og samferdsle er dei miljøsakene vi er mest opptekne av og som dominerer miljøfokusset. Det seier miljøorganisasjonane på spørsmål frå LNK-avisa.

Fleire unge stemmer

- Dei unge skribentane er blitt fleire og tydelegare, seier debattansvarleg i Vårt Land Espen Utaker. I regionalavisa Nordlys ser ein eit betydeleg lokalt engasjement på debattsidene.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Mange aviser har no tilsett eigen debattredaktør og satsar på å utvikle debatten som forum i avisa. I tillegg er avisene sine nettsider ein populær stad for ytringar.

SER ANDRE DEBATTAR

Espen Utaker er debattansvarleg i Vårt Land og ser at debattarenaen er under utvikling.

- Me har endra debattsidene våre, både når det gjeld utsjånad og innhald. Me ser at me no får inn fleire unge skribentar, seier han og legg vekt på at dei også ofte fører andre debattar enn dei eldre.

- Me har tradisjonelt mykje teologidebattar i avisa. Unge tek ofte også opp andre tema og skaper mangfald. I nokon grad har me også gått ut og oppsøkt desse stemmene, seier han.

Avisa har lansert ei eiga spalte for dei unge stemmene og redigerer no kommentarartiklar med bilete av innsendaren. Gjennomsnittleg får avisa inn om lag 20 innlegg om dagen, få av desse kjem faktisk på trykk.

LOKALT ENGASJEMENT

- Målet for debattsidene våre er å få ulike stemmer til syne. I nettdebattane våre opplever me også stemmer som ein kanskje ikkje høyrer om på avissidene, meiner Utaker.

Debattansvarleg i regionalavisa Nordlys, Øyvind Sundheim meiner den største utviklinga på debattforumet er den tydelege organiseringa av sidene.


- Me har til dømes skilt ut dei korte innlegga, og sidene har fått eit uttrykk som er litt tyngre enn før, seier Sundheim som har hatt ansvaret for debattsidene i Nordlys sidan 2006. Han ser ikkje nødvendigvis at det er blitt fleire unge stemmer i avisa, men trur dei yngre ytringane kjem til uttrykk i nettavisa.

Nordlys får gjennomsnittleg inn om lag 20 - 30 innlegg til dagen, av desse kjem 10 - 12 på trykk.

- Dette varierer sjølvstøtt mykje. Me prøver å prioritere den regionale debatten. No er det mange innlegg om eit eventuelt OL i Tromsø. Nordlys har engasjerte lesarar, seier Sundheim.

Engasjement

Himmelhøgt e



(Foto: Jan Nordtveit)

Ein av fem i Sauda var med på dugnad då det store Stavanger2008-prosjektet Mot Himlaleite gjekk av stabelen i mars.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

- Målsetjinga var at kvar husstand i Sauda skulle delta, og med meir enn 900 frivillige nådde vi det nesten, fortel prosjektleiaren for Mot Himlaleite, Mocchi Ryen.

Til samanlikning måtte meir enn 100 000 enkeltmenneske vore med og jobba dugnad, skulle Oslo by gjort noko

liknande. Å telje kor mange timar dugnadsarbeid som vart lagt ned i løpet av den 3 månader lange prosjektperioden seier ho blir umuleg.

INGEN PENGAR

Prosjektleiinga var tidleg ute med å vende seg til idrettslag, korps og andre organisasjonar for å oppmode om frivillig innsats. Organisasjonane er vane med å ta på seg jobbar, til dømes billettsal og rydding, mot å få ein pengesum som går i organisasjonskassen. Dette var ein tankegang prosjektet ønskte å snu, for denne gongen var det ei anna form for inntening dei frivillige stod overfor.

- Gevinsten låg i det kvar og ein fekk tilbake for å ha vore med på dette løftet, seier prosjektleiaren.

ANNLEIS

Det var dessutan viktig for prosjektleiinga at organisasjonane og eldsjelene ikkje skulle gjere det dei plar gjere, men at kvar ein skild skulle få vere med på det dei hadde interesse for, seier Ryen. For mange vart det dermed ei ny og annleis oppleving av det å vere med på dugnad, og i ettertid meiner Ryen ein kan sjå at nye eldsjeler vaks fram.

BETALTE MED SNØSKUTER

Også næringslivet blei dregne inn i det frivillige arbeidet, men i staden for å bidra med sponsormidlar slik dei pleier, blei næringsdrivande bedne om å yte mannskap og materiell. Statkraft bidrog til dømes med snøskuterar og snøskuterkøyrarar i prosjektperioden.

- Det viktigaste for oss var at Sauda følte at Mot Himlaleite var deira prosjekt, at eigarskapskjensla var tilstades, seier Ryen. I frivillig arbeid er det vesentleg å skape stoltheit og lojalitet, og det trur vi at vi klarte. Det at folk opplever at det er viktig at dei er til stades, at prosjektet avheng av at dei møter fram, var avgjerande for at saudabuen skulle sitje

OLE BRUM, OLA TVEITEN ELLER BARBIE? KOR HENTAR BARNA OPPLEVINGAR FRÅ?

Pirion er ei kulturavis for tilsette i barnehage og småskule og elles andre som arbeider med små barn.



PIRION-ABONNEMENT

Ja takk, eg/vi vil tinge eit abonnement på Pirion
Me doblar tilbodet men ikkje prisen. For kr 225,- får du tilsendt Pirion i posten åtte gonger i året. Abonnementet gjeld til det blir sagt opp skriftleg.

Namn:

Barnehage:

Adresse:

Postnummer:

Poststad:

Telefon:

E-post:

Send ein epost til pirion@norsk-plan.no eller send kupongen til Pirion, Norsk Plan as, Næringsbedet i Vatlandsvåg, 4235 Hebnes. Tlf. 52 79 04 84, Faks 52 79 04 81.

kr 225,-



PIRION-KURS

Kurshaldarar med brei erfaring frå folkemusikk, forteljekunst, drama og kulturliv generelt. For meir informasjon www.pirion.no eller ta kontakt med Astrid E. Hjelmeland på 52 79 04 84 eller pirion@norsk-plan.no

Engasjement



Saudaordførar Laura Seltveit fekk nesten heile byen med seg på dugnad for Mot Himlaleite (Foto: Jan Nordtveit)



(Foto: Jan Nordtveit)

Gevinst for Saudasamfunnet

at med ei kjensle av at dette var verd å vere med på.

OPEN BY

Mocci Ryen trur grunnen til at rekrutteringa gjekk så greitt som den gjorde i Sauda har med sjølv plassen å gjere. Ein by inst i ein fjord var eit godt avgrensa utgangspunkt, og informasjonen flaut raskt rundt i den vesle byen. Dette ville ikkje gått like greitt og fort i ein større by, sjølv om arbeidsmetodane er dei same, meiner Ryen.

- Vi hadde ikkje halde mange møte før folk kjende meg att og byrja helse på meg i gatene. Saudabuen har vore veldig mottakelege for at folk utanfrå skulle kome og setje ting i sving i byen deira.

Mot Himlaleite

Det tredje største enkeltarrangementet i Stavanger2008 – Europeisk kulturhovudstad.

Vintershowet involverte 100 dansarar, skiakrobatar, songarar og musikarar på ein snø-arena 600 m.o.h. i Sauda.

Arrangementet involverte 900 frivillige frå skule, kultur, næringsliv og enkeltmenneske. 4000 menneske fekk med seg førestellinga.

Uttrykket himlaleite tyder møtepunktet mellom himmel og åskam. Uttrykket blir mellom anna brukt i Kjartan Fløgstads roman Grand Manilla.



Sauda har fått mykje att for å vere med på Mot himlaleite, seier ordførar Laura Seltveit.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Etter premieren var ein strålende fornøgd saudaordførar raskt ute og gav ros til Stavanger2008 for å ha følgd målsetjinga si om å legge noko att etter seg.

- Vi har fått att i form av kunnskap om ting vi ikkje kunne før, vi har fått samhald og entusiasme, meiner Seltveit.

NETTFOTOGRAF

Saudaordføraren omfamna prosjektet frå første stund og gjekk personleg ut

og oppmoda alle innbyggjarane om å delta med det dei hadde av krefter og materiell. Sjølv var ho med og spadde snø i snø-tribunane, og på alle fire førestellingane stod ho og ønskte kvar og ein velkommen opp i fjellet.

Saudabu Per Inge Fjellheim var aldri i tvil om at han skulle ta oppmodinga frå ordføraren til seg.

- Klart vi stiller opp. Dugnad er vi vane med, seier Fjellheim, som mellom oppgåvene med å vise publikum til heisen, passe på utgangar og måke snø også har tatt på seg å dokumentere det som skjedde desse marsdagane. Kamera var framme støtt og stadig og bilda hamna etter kvart på heimesidene til Mot himlaleite.



Per Inge Fjellheim (t.v.) og Anne Jorunn Tysseland (t.h.) har lagt ned utallige timar i dugnad i samband med Himlaleite. (Foto: Jan Nordtveit)

SOSIALT

Å få fri frå skulen for å delta på dugnad var ganske greitt, men Anne Jorunn Tysseland, førsteklasing på Sauda vidaregåande skule, meiner den største gevinsten med å vere med på Mot himlaleite var det sosiale.

- Eg var med og tok mot billetter og sette armband på publikum og pressefolk. Det var skikkeleg kjekt å vere med på dette.

Vil praktisere eigen



Agnes Ravatn (25) blir aldri noko målkvinne. Likevel kjem ho aldri til å skrive på bokmål. (Foto: Judith Sørhus Littlebamar)

Agnes Ravatn (25) trur aldri ho kjem til å skrive bokmål. Då må det i så fall bli ein parodi.

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Det er kaldt i Ølen sentrum. Gjestegården har påskestengt og Agnes Ravatn er forvist til uteserveringa. Ravatn er den unge jenta som debuterte med romanen om den middelaldrande lektoren Georg Ulveset som ynskjer seg ein ny sjanse i livet. "Veke 53" er passe dystert og passe optimistisk.

- Georg lengtar etter eit brot med automatikken, eit brot som kan gi eit lysglimt. Han er pressa inn i rammer som er uuthaldande for folk som lengtar etter noko meir. For min del er det ein sjølvbiografi teke på forhand. Eg studerte nordisk då eg skreiv romanen, og rekna med at eg skulle bli lærar. No tenker eg at det må eg unngå, seier ho.

Boka fekk blanda kritikkar. Bergens Tidende skriv: "skildringane er vel overflatiske, formuleringane vel opplagde".

- Då tenkte eg: herregud kva har eg gjort. Det var nesten som om eg fekk lyst til å gå under jorda ei stund, flirer Ravatn.

VERT ALDRI MÅLKVINNE

Men "Veke 53" hausta også positiv omtale. Stavanger Aftenblad kalla romanen "sorgmuntert om norskelektor i fritt fall" og Aftenposten meinte det var oppløftande at ein ung kvinneleg debutant valde ein hovudperson og eit emne som i alle fall ikkje kunne vere sjølvopplevd,

Dei er begge unge forfattarar med nynorsk bakgrunn. Men dei har gjort ulike språkval i litteraturen.

- To språk er e

Ingrid Storholmen skriv både nynorsk og bokmål i si siste diktsamling. Ho meiner det er som å skrive både med venstre og høgre handa.


JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Ingrid Storholmen kom i fjor ut med si tredje diktsamling, "Siriboka". Her tek ho tak i livet til ei av sine formødrer, Siri Olsdatter som levde på ein husmannsplass i Verdal og reflekterer over slekt og arv. Ho skriv todelt. I nåtid reflekterer eg-personen på bokmål, medan den historiske stemma er på nynorsk.

- Eg bruker begge språka for å vise ulikskapane mellom tidene. Bokmålet eg brukar i boka er veldig analytisk, medan nynorsken er nær og dialektfarga, seier Storholmen.

Ho er overbevist om at det er ein stor styrke for litteraturen at ein kan veksle mellom nynorsk og bokmål.

- Dei er så forskjellige og uttrykker så ulike ting. Ein skriv heilt andre set-



Ingrid Storholmen meiner både bokmål og nynorsk er ein styrke for litteraturen. (Foto: Ascheboug)

Arkitektpris til Ivar Aasen-tunet

Aasen – tunet fekk nyleg A. C. Houens fonds diplom for sin spesielle arkitektur. Kulturminister Trond Giske delte ut diplom til fem bygningar, blant anna Biblioteket i Alexandria i Egypt og terminalbygningen på Gardermoen hovudflyplass.

Houens diplom er ein fagpris som blir delt ut etter innstilling frå landsstyret i Norske Arkitekters Landsforbund for "fremragende, selvstendige og arkitektonisk gjennomførte arbeider". Ivar Aasen – tunet vart opna i 2000 og har tidlegare fått Betongtavala for framifrå byggjekunst i betong og byggeskikkprisen frå Ørsta kom

mune. I slutten av april skal også H. K. H. Kronprins Haakon opne den nye utescena.

- Den nye utescena har me kalla juvelen i smykket. No har eit samla arkitekt – Noreg gitt oss dekning for å bruke så store ord. Ivar Aasen – tunet er smykkekunst i betong, seier direktør Ottar Grepstad.

smak

og som er så langt unna den sjølvopp- tekne undersøkinga av eige liv som vel mogleg. Gratisavisa Natt&Dag kåra også boka til vinnar av Bergensprisen 2007. I år er ho også tildelt Rogland fylkeskom- munes litteraturstipend. At avisa Ravatn i dag jobbar som journalist i, nemleg Dag og Tid ikkje var overbegeistra for "Veke 53" uroar henne ikkje.

- Det er positivt at dei ikkje er framan- de for å slakte sine egne. At dei ikkje slår ring om nynorsken, meiner ho.

Agnes Ravatn vurderte aldri å skrive på noko anna enn nynorsk. Men språk- politikken har aldri vore noko stor sak for 25 - åringen. Noko målkvinne vert ho aldri.

"LITT VEL HOVLANDSK"

- Eg har i liten grad hatt noko bevisst forhold til språk, det har ikkje vore noko spørsmål. Men de får nok aldri lese Agnes Ravatn på bokmål, ikkje med mindre det er snakk om ein parodi.

Som 13 - 14 åring hadde ho derimot ein bokmålsperiode, men ho gleid at- tende til nynorsken av seg sjølv som ho seier.

- Den bokmålsperioden trur eg kom av at det låg nærare det eg kjende som litteratur. Eg var om lag 15 år før eg byrja å lese vaksenbøker og skjønnlitteratur på nynorsk. Eg kjende eit slektskap då, slik kan eg og skrive tenkte eg.

Ein av årsakene til at ho byrje skrive att heiter Ragnar Hovland. Litteraturen hans har betydd mykje for unge Ravatn og sette i gang mange prosessar meiner ho sjølv. Han var også konsulent på boka hennar.

- Han sa det sjølv: "dette var litt vel hovlandsk". Han har ein stil som er

freistande og lett å imitere. Men eg trur ikkje eg kan seie at litteraturen min er påverka av han. Eg har ikkje lyst til å likne nokon.

Einar Økland står også høgt. Ho site- rer han på utsegnet: "det å skrive er å praktisere sin eigen smak". Det er ret- tesnora i litteraturen, Agnes Ravatn vil gjerne stå på egne bein.

OPPDAGA TALENTET

Det var året på Skrivekunstakademiet i Bergen som utløyste skrivegleda. Her lærte ho å lese seg sjølv kritisk og det var her ho fekk den første bekreftinga på eit talent. Seinare arrangerte Samlaget eit manus - seminar der ho leverte inn ein tekst. Etter kvart utvikla teksten seg og Georg som i utgangspunktet var ein biperson tok styringa over historia. I halvanna år dreiv ho med det ho kallar overskotskriving før boka var realitet. I arbeidet som journalist melde det seg også eit behov for skjønnlitterære grep.

- Det er ikkje noko journalistblod i mine årer nei. Eg har jobba i lokalaviser både i Stord og Ølen, men pågåande journalistikk passar meg dårleg. Det var også i desse jobbane eg merka at eg hadde ein trong til skjønnlitteratur. Somme gonger kunne eg ta meg sjølv i å krydre intervju med fiksjon dersom det vart for kjedeleg.

Ho skriv framleis, men ingen veit om og når det eventuelt kjem noko nytt frå Agnes Ravatn si litterære hand.

- Men eg vil nesten garantere at det kjem meir, seier ho.

in stor ressurs

ningar med nynorsk enn ein gjer med bokmålet.

PROVOSERER PÅ BOKMÅL

Storholmen debuterte med samlinga "Krypskyttarloven" i 2001. I følgje henne sjølv er dette ei tradisjonell diktsamling med motiv frå vinter, skog og einsemd. Samlinga er skriven på nynorsk. Noko ho har med seg frå oppveksten i eit lokal- samfunn der hovudmålet var nynorsk.

- Eg bruker ein nynorsk som er farga av trønderdialekten min. Det var heilt naturleg for meg å debutere på nynorsk. Den ligg mitt hjarta nærast, for å bruke ein klisjé, seier ho og viser til at nynorsken også fylgde henne i arbeidet som kritikar i Dag og Tid, og seinare som lit- teraturredaktør i Morgenbladet.

Likevel gav ho fire år seinare ut ei diktsamling på bokmål. "Skamtalen. Graceland" er ei annleis diktsamling. Her har Storholmen fjerna seg frå det tradisjonelle og forventta i lyrikken. Ho provoserer og overraskar lesaren, og ho gjere det på bokmål.

- Bokmålet var ein styrke i boka. Ikkje minst fordi eg kom meg unna mitt eige

språk, eg ville gjere noko heilt anna, påpeikar ho.

INGEN MÅLKAMP

Ho kjenner forfattarar som kvir seg for å bruke nynorsk sjølv om dei helst vil, og ho veit om bøker som truleg hadde selt betre på bokmål enn dei gjere på nynorsk. Ho er klar over at majoriteten i landet helst vil lese bokmålsbøker, og ho ser at nynorsk ofte vert brukt som eit litteraturspråk meir enn eit administrasjonsspråk. Men ho driv ikkje målkamp.

- Men kjem debatten om samnorsk at- tende kan det hende eg kjem på banen, også språkpolitisk, smiler ho.

Tarjei Vesaas er eit litterært forebilete og helt. Og kanskje står Vesaas for ei løysing.

- Fokuset i skulen må ikkje berre handle om nynorsk grammatikk, ein må og lære verdien i språket. Det er viktigare å lese "Fuglane" av Vesaas enn å lære grammatikk, seier ho.

Mange mål å nå...



Måla er mange i den kommunale kvardagen.

Nokon er lette å nå – andre vanskelege.

Ny skule, betre vassforsyning, eller eit nytt kulturhus?

Kommunekreditt har i femten år arbeidd for at kommunenoreg skal få meir ut av midlane sine.

PORTRETTE

Noko å bryne

Han er oppeken av skarpe debattar med mange nyansar, kanskje også med ein liten drope nynorsk. Sjefredaktør Hans-Christian Vadseth i Fædrelandsvennen vil utfordre oss.

ALICE TEGLE

- Eg må bare ha mobilen på, må kommunisere med kona, seier Hans Christian og fiskar opp telefonen frå jakkelomma og legg han ved sida av seg på bordet. Det er fredag ettermiddag, og familiefaren ivrar etter å kome heim til jentene sine i Oslo. Kvar veke pendlar han frå Kristiansand til hovudstaden.

- I helgene går tida med til familien. Her koplar eg av og hentar energi til ei ny veke, forklarar han.

Pendlinga er tungvint, men han var sårt tiltrengd hos sørlendingane i Fædrelandsvennen.

- Eg kan handverket som ligg til grunn for medieverksemd. Og eg har leiar- og strategisk kompetanse. Eg er så lite beskjeden at eg torer å påstå at eg har utvikla ein fagkompetanse som ikkje mange andre har, seier Hans-Christian og smiler på naturleg vis.

- Eg er fødd blid. Målet er å leie med ei fast hand og godt humør. Det handlar om å bruke dei sterke sidene du har.

VIL UTFORDRE

Han presiserar at viljen er like sterk som humøret. Vilje til å vekkje lesarane, skape debatt. Som sjefredaktør i den største avisa på Sørlandet har Hans-Christian fleire retningslinjer han må halde seg til. Nokre gonger kan det bety at han må gå på akkord med egne meiningar.

- I slike situasjonar bør eg ikkje hevde mi eiga meining. Lesarane er først og fremst interessert i Fevennen, ikkje i meg.

Hans-Christian understrekar at det er ein hypotetisk situasjon, men kjem med eit eksempel på meininga hans om nynorskopplæring.

- Eg skjønner behovet for å lære barna eitt skriftspråk skikkeleg, men faren er at det blir ei dårlegare allmennutdanning viss vi kuttar ut nynorsken.

Personlege erfaringar frå eiga nynorskopplæring med terping på grammatikk, synest han derimot ikkje heldt mål.

- Det opplegget gav meg inga kjærleik til nynorskpråket. Skuleverket må auke lysten til å lese og skrive nynorsk, fastslår Hans-Christian.

NYNORSK LYRIKK

Sjølv har han teke godt vare på leselysta. Heime har han over 2000 bøker. Innimellom alle dei engelske bøkene hans finn vi nynorsk lyrikk av Haldis Moren Vesaas, Marie Takvam og Olav H. Hauge med fleire.

- Som lesar har eg har eit ganske sterkt forhold til nynorsk. Det er kanskje ein floskel å seie det slik, men nynorsk har ein betre klang og farge enn bokmål, seier han, og der stoppar nynorskpraksisen til sunnmøringen.

- Eg har jo eit talemål som er nærare nynorsk enn bokmål, men eg er bygut frå Ålesund. Der hadde eg bokmål som hovudmål. Då eg seinare byrja i Sunnmørsposten var eg nøydd å skrive nynorsk, sjølv om eg uttrykte meg betre på bokmål.

Som så mange andre, har heller ikkje Hans-Christian halde ved like nynorsken.

- Nynorsk er ikkje integrert læring på same måte som snakking og gåing. Resultatet mitt no er eit stiltete og dårleg skriftspråk med mykje grammatikalske feil.

Han trur det hadde vore lettare dersom han hadde hatt nynorsk som hovudmål, ettersom påverknaden frå bokmål kjem automatisk frå media.

- Som kvardagsleg skriftspråk, vil nok nynorsk bli marginalisert i framtida. Eg trur derimot at kunstspråket nynorsk kan kome til å bli viktigare for mange.

INGEN NYNORSKMISJON

- For meg personleg er ikkje språket eit stort spørsmål om identitet. Tilhøyret mitt frå Ålesund, tru og meiningar betyr meir enn det språkelege. Eg har mange vener der språket er ein stor del av identiteten deira, men der har aldri eg vore, seier Hans-Christian og tek til å sende ei

tekstmelding medan han utdjupar svaret sitt:

- Nynorsk er nok mindre viktig enn du gjerne skulle likt. Eg har snakka med sjefredaktør Tom Arne Hetland i Stavanger Aftenblad. Dei er meir opne for nynorsk i spaltene sine. Eg meiner det ikkje er ei avis si oppgåve å halde språkmangfaldet ved like. Viss nynorsk har den krafta eg håper det har, vil målforma leve vidare i krafta av seg sjølv, er Hans-Christian sin teori.

FØRETREKKJER BOKMÅL

Den svært moderate nynorskpraksisen i Fædrelandsvennen, passsar han difor godt.

- Fevennen skal halde fram med å vere ei bokmålavis. Både leiarar og kommentarar skrive av meg kjem definitivt til å vere på bokmål.

Nokon endringar er det likevel rom for. Sørlendingane kan kome til å sjå fleire lokalsaker og kulturmeldingar på landsmålet.

- I den grad journalisten ønskjer det, og det er naturleg til innhaldet, synest eg det er positivt med nynorsk, men det er ikkje ei viktig sak for meg som eg bruker mykje energi på. Papiravisa vår dekkjer både by og land, men tyngda av lesarane våre er i bystrokk. Difor er det og mest naturleg med ei bokmålavis.

- ORGANISASJONANE BOMMAR

Nynorskorganisasjonane kan dermed ha ein viktig funksjon, men då må dei skifta strategi, meiner Hans-Christian.

- Eg har hatt besøk av ei av dei som var med i ein slik organisasjon. Det var slik at eg måtte spørja om ho var frå Jehovas vitne for ho var ute på misjoneringstøkt.

Han meiner målrørsla må bli mindre opptekne av kvotar og prosent, og fokusere meir på kulturskatten i det som er skrive.

- Veldig mange er flinke på retorikk, men kan bli oppfatta som fanatiske.

- Kva synest du om det?



Hans-Christian berre smiler, og legg seg på den diplomatiske lina, som så ofte før:

- Eg bare registrerer at slik er det nokre gonger. Av og til bommer dei.

FREMJAR MANGFALDET

Nokre av desse feila kan skuldast mangel på livserfaring, trur han.

- I den grad journalisten ønskjer det, og det er naturleg til innhaldet, synest eg det er positivt med nynorsk

seg på



Sjefredaktør Hans Christian Vadseth (44) i Fædrelandsvennen har eitt stort mål for auge: å vere vertskap for debatt. (Foto: Tore-Andre Baardsen)

- Som eldre blir vi meir nyanserte i måten vi tilnærmar oss saker på.
- Kva meiner du om det?
- Det kjem an på korleis du ser det. Når nyanserikdom er ei følgje av visdom, er det godt, men det må ikkje føre til at vi blir tannlause eller likegyldige.
- Det gjeld å velje slaga sine med omhug. Har vi ei sak som vi vil fremje, er det respekten for mangfal-

det som må stå i høgsetet, avsluttar Hans-Christian medan han tek på seg den oransje allversjakka, og slenger den brune skinnbagen over skuldra. Det medfødde smilet er ekstra breitt no. Han skal heim til kone og barn i Oslo.

Språkråd



Jan Olav Fretland
- førsteamanuensis i norsk -
medlem av Norsk språkråd

Hugs: -ing er ofte noko anna enn -ning!

Ein kar spurde meg her om dagen:
- Er det ikkje rart at ein kan seia at bygginga av bygningen tek lang tid? Begge orda kjem jo av å byggja, kvifor blir dei skrivne ulikt og har ulikt kjønn?

Han er sikkert ikkje åleine om å fundera på dette, så lat oss sjå litt på reglane i nynorsk. Hugs for det fyrste at alle substantiv som endar på -ing, er hokjønn. Så når skrivarane i kommunen med høgtidleg mine skriv om ein saksframstilling, eller ein innstilling, så skriv dei feil. Det er det viktigaste å ta med seg. Men så var det bygging og bygning. Det er nemleg fleire slike:

Kryssing er ei blanding av rasar, medan kryssing handlar om det å kryssa, ei elv til dømes. Me har kledning på eit hus, men påkledning, kjemiske løysningar, men praktiske løysingar. Det er pakning i ei kran, medan pakkinga av sekken kan vera reine vitenskapen. Og strekkinga av ein kabel kan gå over ein strekning på fleire kilometer, medan ei opplysning er noko heilt anna enn opplysinga i eit rom.

Det går an å forklara dette, det er eit system, forstår de. -ing-orða uttrykkjer sjølve verbhandlinga: bygginga er det å byggja, kryssinga er det å kryssa. -ning-orða, derimot, uttrykkjer oftast meir resultatet av verbhandlinga: Kryssing er resultatet av at ein har kryssa to eller fleire rasar, og bygninga er resultatet av at ein har bygt.

Det er viktig å ikkje blanda saman desse uttrykka. Me seier til dømes at tilsetjing handlar om å gje nokon jobb, medan tilsetning handlar om kva me set til i gryteretten for å få han god. Det vart derfor muntert blant kollegane mine på norskseksjonen då me for ei tid sidan kunne lesa frå personalavdelinga om Tilsetning av rådgjevar. Ein byråkrat i suppa er vel knapt noko å trakta etter!

Framleis forvirra? Gå ikkje glipp av neste språkspalta!

100 000 til teaterframvisning

Det Norske Teatret, Nordic Black Theatre, Mother Theatre og Noregs Ungdomslag får 100 000 frå Norsk Kulturråd til førestellinga Til Noreg der kjærleik ventar. Teaterframvisninga blei første gong vist i fjor og hand-

lar om seks kvinner frå Kongo, Armenia, India, Tyrkia, Filipinane, og Argentina som fortel om kvifor dei har vald å reise frå heimlanda sine til det framande landet Noreg for kjærleiken og lukkas skuld. Framvisningane no i april og mai er ein del av Magfaldsåret 2008.

Støttar spel på nynorsk

50 000 kroner i støtte frå Naumdøla mållag gjer at spelet Namsens auge blir framført på gammal grongdialekt. Styret i Naumdøla set som vilkår for løyvinga at alt reklamemateriell og programmet blir skrivne på

Ørsta-barnehage sat



Jørgen og Maria kosar seg på Gråtassen som Liadal barnehage har fått i gåve. (Foto: Hjørdis Almelid Vikenes)

Små språkforskarar skal gje nynorsken betre bein å stå på i Ørsta.

HJØRDIS ALMELID VIKENES

Liadal barnehage i Ørsta har fått midlar frå Nynorsksenteret til å drive språkstimulering. Barnehagen har nyleg bygd seg eit stabbur og der skal dei innreie ein Stabbursbank. I denne banken er det planen at borna sjølve skal vere innskyttarar i form av ord og omgrep dei lærer. Borna sine eigne digitale bilde av gjenstandar skal på sikt prege ordbanken. På rundeomnen i stabburet skal det lagast tradisjonsmat.

- Målet vårt er at dei unge sjølve skal få vere språkforskarar. Dei skal få lov til å leike seg med ord og vere ordsmedar. Vi synest det er viktig at alle får seie meiningane sine og at dei lærer seg til å lytte til kvarandre. Språk og identitet er viktige omgrep og vi ynskjer å gjere dei nysgjerrige på kva språket er og kva det kan nyttast til, fortel dagleg leiar Frank Vidar Andersen i Liadal barnehage.

INNSKOT OG UTBYTTE

I februar markerte barnehagen Samefolkets dag. Då fekk dei eit lærarektepar som tidlegare har budd i Finnmark til å besøkje barnehagen og vise samiske ting

og fortelje om korleis samane lever. Like før påske var nokre av storborna med på linefiske. Då fekk borna lære nokre "fiskeomgrep".

- Vi er i startfasen av dette språkarbeidet, og vi er svært takksame for at vi har fått midlar hjå Nynorsksenteret. Etter kvart håper vi at borna skal kunne ta bilde av ei raft, ei kveite, ei line, ei komse, ein lasso og andre ting, så kan dei få vere med å laste bilde inn i datamaskina og skrive på bokstavane som høyrer til ordet/gjenstanden, og at dei sjølve kan få sette innskotet sitt inn i Stabbursbanken.

SKJEGG UNDER HAKA

Barnehagen har utarbeidd eit årshjul, der det månad for månad står kva dei vil leggje vekt på i språkstimuleringa. Då LNK-avisa nyleg besøkte Liadal barne-

hage, var det seks born som vart med inn i stabburet. Veggane var lyse og trivelege og på spørsmål om kva dei trudde var i eit stabbur i gamle dagar, var svaret bladfyken fekk: - Godt spørsmål!

- Vi har vore i Aasen-tunet, kan Andrea, Sigrid, Maria, Jørgen, Sondre og André fortelje.

- Hugsar de kva fiskane de nyleg fekk på linefiske heitte? Undrar eg.

- Tja, det var no ein som hadde skjegg under haka, men ka han heitte?!

- Jau, det e no berre å sjå ut ruta her, så ser de no at fiskane heng der til tork, kjem det frå André medan han peikar ut stabbursvindauga.

GYMSAL OG VENNER

Marianne Raudøy på storbarnsavdelinga er med borna til stabburet denne dagen. Ho fortel at dei tidlegare har ete kokt

fisk, grilla fisk og boknasild. Nokre åt fisken saman med flatbrød og rømme.

- Dei aller fleste born likar fisk, fortel ho.

- Kva synest de er aller kjekkest med å gå i barnehage?

- Det er å vere i lag med venner, seier Andrea.

- Det kjekkest er å sykle og leike, kjem det frå Maria.

- Å leike i lag med broren min, fortel Sigrid.

- Å vere i gymsalen på skulen, understrekar Jørgen.

- Å springe og bokse, meiner André.

- Det er å leike både ute og inne, framheld Sondre.

ABC
Startsida

Vel www.startsida.no som di nye startside. Meir info her:

www.startsida.no/egen

nynorsk, melder Namdalsavisa.no.

Arrangørane av Namsens auge synest det går greitt å nytte nynorsk skriftleg når deira eiga dialekt ligg så nært til nynorsken.

Det er nynorskforfattaren Torvald Sund som har utarbeidd manus til spelet.

10 000 nye barnevernsbarn i året

10 000 nye barn får hjelp av barnevernet kvart år, melder NTB. Talet på barnevernsbarn er dobla sidan 1990.

Årsaken til denne auken er mellom anna endringar i

familieforhold og endra haldningar til barnevernet. Ann-Marit Sæbønes i Barne-, ungdoms, og familiedirektoratet seier til Aftenposten at ein av årsakane til auka trong for barnevernstiltak er nedlagte spesialskular. I løpet av 2006 fekk 40.442 barn hjelp av barnevernet.

kosar friskt



Liadal barnebage i Ørsta har sin eigen bank – Stabbursbanken!- Vi håper at mange skal få eit godt utbytte av Stabbursbanken, seier dagleg leiar Frank Vidar Andersen i Liadal barnebage. Her sit han saman med Maria (t.v.), Andrea, Jørgen, André, Sondre og Sigrid.



Andrea (t.v.) og Sigrid kosar seg i reia. (Foto: Hjørdis Almelid Vikenes)

BERGEN/HAUGESUND/STAVANGER - NEWCASTLE JULEBORD OG SHOPPING - ALT I SAMME BÅT!

Hvorfor ikke avslutte året med en uformell sammenkomst hos oss?

Et skip er ett helt spesielt sted, som gjør det lett å lære dine kolleger, kunder eller samarbeidspartnere bedre å kjenne. Med et seilende julebord til Newcastle får du en annerledes og spennende avslutning på året som garantert vil gjøre inntrykk på deltakerne og ikke minst; huskes i lang tid!

Ta kontakt med oss i dag så hjelper vi deg med planleggingen og gjennomføringen av et vellykket arrangement. Hos oss er alle samlet fra begynnelse til slutt. Alt i samme båt!

For bestilling kontakt vår gruppeavdeling på tlf.: 21 62 11 60 eller e-post: gruppeavdelingen@dfdsseaways.no



EKTE JULESTEMNING



SEILENDE JULEBORD



UFORMELL TONE

JULEBORDSCRUISE FRA
2524,- PR. PERS.
INKLUDERT JULEBUFFET

*) Prisen gjelder ved minimum 8 personer mandag - onsdag i perioden 02.11. - 23.12.07. Torsdag – søndag fra kr. 2854,- pr. pers. Miljøavgift, oppgradering av lugar, ekstra måltider og evt transfer i Newcastle tilkommer.

ALT DETTE ER INKLUDERT!

- 2 overnattinger i innvendig dobbel Seaways Class lugar
- 3 timers konferanse, inkl. teknisk utstyr, kaffe, te & isvann
- 2 frokostbuffer
- 1 lunsjbuffer
- 3-retters festmiddag med vin ad libitum og kaffe avec
- Julebuffet med ett glass øl/vin/mineralvann

(Kontakt oss for pris hvis det er ønskelig å bytte ut julebuffet med 3-retters julemeny i vår à la carte restaurant)

WWW.DFDS.NO/KONFERANSE



Nynorsk gav reaksjonar

Ho er fødd i Bodø, oppvaksen i Orkanger i Trøndelag og nyttar nynorsk som norm i journalistjobben i NKR Troms og Finnmark.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

Som ei av fem praktikantar frå fyrste kullet i 2004-2005 på det Nynorske Mediesenteret kom Inger Johanne Sæterbakk seg raskt ut i arbeidslivet. Men hennar val av nynorsk som normert talemål vart ikkje godt motteke av radiolyttarane i Finnmark, og reaksjonane var mange.

- Eg hadde heldigvis leiinga i ryggen, seier Inger Johanne Sæterbakk. Både sjefen og kringkastingssjefen støtta opp, og dei kursa medarbeidarane mine i kva dei skulle argumentere med til dei som klaga, seier ho.

Blesten rundt språkbruken hennar kom seg etter at Nordlys og ei lokalavis i Finnmark skreiv om at ho vart hetsa av lyttarar. Sjølv syns ho blesten rundt den negative tilbakemeldinga vart litt vel stor, men oppslaga i avisene hjalp. I staden fekk ho fleire positive tilbakemeldingar.

- Det er jo oftast dei som har noko å klaga på som står for lyttarreaksjonane.



Inger Johanne Sæterbakk på jobb i NRK Troms der ho i radio nyttar nynorsk som normert talemål (Foto: Nina Einem)

- Eg merka meg at skriftspråket i ei meir moderne utgåve låg veldig tett opp til talemåten min, seier ho.

NYNORSKLINJE

I dag vurderer NRK å la språkreglane helle meir mot ei dialektlinje. Sjølv syns Inger Johanne Sæterbakk at det er godt å ha ei norm å stø seg til.

- Ein vil alltid måtte stille seg spørsmåla om kva som er dialekt og kor langt ein kan gå i bruken av dialekt, seier ho. Ein må ta hensyn til lyttarane.

VEKKING

Sjølv fekk Inger Johanne Sæterbakk ei språkleg vekking på Nynorsk Mediesenteret i Førde, sjølv om ho hadde nytta nynorsk som hovudmål sidan ho byrja på vidaregåande i Orkanger.

- Då eg byrja å skrive nynorsk, hadde eg ein trang til å markere meg som nynorskbrukar, seier ho. Både fordi eg ville halda på dialekten min, men og fordi eg såg på nynorsken som ein viktig del av kulturen vår. I tillegg var det nok litt politisk motivert.

RAR DIALEKT

Som aktiv medlem i målungdommen og skribent i Melands-avisa kjente ho til at eit nynorsk mediesenter var i kjømda.

- Eg hadde veldig lyst å jobbe med radio, men trudde ikkje det var plass til meg med mi rare blandingsdialekt, seier ho. Eg visste at det ikkje var aktuelt å normere til bokmål, som dei fleste andre gjorde der eg kom frå.

Men på mediesenteret byrja ho å tilpassa nynorsken til korleis ho snakka. Slik vart det også lettare å forsvare måten å skrive på.

FYRSTE KULL

Inger Johanne Sæterbakk var ein av fem praktikantar i det fyrste kullet som var ferdige med eit halvt år i Førde i Sogn og Fjordane i februar 2005. Det var seks månadar med hardt arbeid, der dei fekk jobba med både kamera, tv-, radio- og nettjournalistikk.

Sidan dess har ho jobba som journalist mellom anna i Norgesglasset i Trondheim, og det siste året har ho vore tilsett som kulturjournalist i Kulturnytt i NRK P2 i Tromsø, i tillegg som ho jobbar for NKR Troms og Finnmark.

Tanken var å bli lærar etter tre år med studier på Universitetet i Oslo. Men halvåret på Det Nynorske Mediesenteret i Førde gav meirsmak.

- Eg fann fort ut at eg måtte nytta denne einestående sjansen til å få foten innanfor medieverda i Norge og å skaffa meg så brei erfaring som råd, avsluttar ho.

Bli med i Fagforbundet!

Fagforbundet er det største forbundet i LO, med rundt 290 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemder kan bli medlem i Fagforbundet. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og trygg og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet bidreg til å skape offentlege tenester og arbeidsplassar med god kvalitet. Det må vere samsvar mellom det menneska har behov for, og det tilbodet dei får. Berre ein velfungerande offentlig sektor kan gi alle innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.



www.fagforbundet.no Servicetorget: 815 00 040
E-post: servicetorget@fagforbundet.no

Fire av ti vil betale meir for å redde bonden

39 prosent av befolkninga i Noreg er villig til å betale meir for maten dersom det er nødvendig for å halde oppe norsk landbruk.

To av ti avviser ein slik tanke, medan omtrent like mange seier «verken-eller».

Størst er betalingsviljen i Bygde-Noreg, der 54 prosent vil betale meir for maten for å redde landbruket og berre litt over 10 prosent seier nei.

Det går fram av distriktsbarometeret til Nationen, der 1.800 personar er intervjuva av Sentio. (NPK)

Ras av konkursar i byggjebnansjen

Rekordmange bedrifter i byggjenæringa har måtta leggje ned sag og hammar i årets første kvartal.

Dei tre første månadene i år vart det opna 142 konkursar i byggjebnansjen. Det er 31 prosent fleire enn i første kvartal i fjor og 59 prosent over snittet per kvartal dei siste to åra, går det fram av tal som Brønnøysundregistra har laga for Aftenposten.

Dersom konkurstmeldingane held fram med å kome inn i same tempo, vil 2008 bli tidenes største konkursår i norsk byggjenæring. Toppåret for dei siste åra var i 2003, då 430 bedrifter i byggjenæringa måtte gi seg. (NPK)

Nynorsk Mediesenter:

Sikrar journalisten arbeid

Nynorsk Mediesenter har i desse dagar opptaksfrist for fem nye praktikantar. Er du ein av dei heldige som blir teken opp, sit du sannsynlegvis med heil- eller deltids-jobb i media innan året er omme.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

Søknadsfristen for neste opptak er i midten av april og leiar Magni Øvrebotten ynskjer nye søkjarar velkomen til Førde.

- Me ynskjer oss søkjarar frå heile landet og oppmodar også menn til å søkja, seier ho.

FOLK I ARBEID

Sidan oppstart i 2004 har mediesenteret vore ein stor suksess. Av dei 35 praktikantane mediesenteret har sendt frå seg er 88,5% tilsett i heil- eller deltidsarbeid i media i dag, med hovudtyngda i NRK. Elles er praktikantane å finna i medier på lokalt- og regionalt nivå.

- Senteret har blitt meir vellukka enn eg vågde å drøyma om, seier Magni Øvrebotten. Folk har fått seg jobb, og det er jo det alt står på.

Søkjartalet til Nynorsk Mediesenter har variert frå 60 til 30 og det er fem stykk som kjem inn kvart år. Medan søkjartala frå Vestlandet er stabilt høge er søkjarar frå elles i landet underrepresentert og ho oppmodar fleire til å søkje.

- Me ynskjer oss minimum ein eller to personar per kull som ikkje er frå Vestlandet, men ho understrekar at senteret er veldig glade for alle søkjarar uansett kvar dei kjem frå.

PRAKTISK

For å bli vurdert som praktikant må du ha fullført vidaregåande skule med gode resultat. Elles er det ope for deg med og utan høgare utdanning.

- Det er eit praktisk retta studium, fortel Øvrebotten. Me prøver å blanda kulla slik at ein både får representantar frå ungdom med lite utdanning, og frå dei med høgare utdanning. Felles for dei som blir tekne opp er at dei ynskjer å arbeida i medieverka og er klar for eit praktisk retta studium. I tillegg må dei



Magni Øvrebotten ynskjer seg søkjarar frå heile landet når fristen som praktikant ved Nynorske Mediesenteret går ut i midten av april. (Foto: Nynorsk Mediesenter)

beherske nynorsk og knekke den journalistiske koden, seier Øvrebotten.

- Me har hatt nokre elevar som har hatt praksis i TV2 seier Øvrebotten, men elles har praksisplasser vore i NRK, både i radio og fjernsyn.

SPRÅKMEDVITEN

Skal ein nytta nynorsk i media i dag, må ein vera sterk og trygg på sitt eige språk, understrekar Øvrebotten. På senteret jobbar ein også med å gjera praktikantane trygge på sitt eige språk, og oppmodar dei til å nytta nynorsk når dei kjem ut i medieverka.

Reaksjonane let ikkje vente på seg om du kjem frå Romsdal, Trøndelag eller Nordland og Nord-Noreg og vel nynorsk som talenorm eller skriftspråk, fortel Øvrebotten. Dei fleste av praktikantane som kjem frå desse delane av landet må forsvare språkvalet sitt. Hovuddelen av kritikken kjem frå deira egne av di dei tykkjer nynorsk er unaturleg i forhold til dialekten.

- Men utifrå dialekten er ofte bokmål eit vel så unaturleg val når ein skal normera, seier Øvrebotten.

REKRUTTERER

Leiar i Mediemållaget Berit Rekve (biletet) meiner utdanninga ved Nynorsk mediesenter er avgjerande for rekrutteringa av journalistar som kan uttrykke seg på nynorsk og ho understrekar at det mellom anna er viktig for å halde på nynorsk standardtale som mediespråk.



(Foto: Mediemållaget)

- Etter det eg har observert, har det kome mange gode, nye røyster, seier Rekve.

I følge Rekve er medielandskapet i Noreg i dag meir ope enn tidlegare. Kontakt er oppretta mellom krefter i lokale mållagsmiljø og lokalaviser og det har kome meir løfter om nynorsk. Men ho understrekar at lokal- og regionmediene er viktige i denne samanhengen.

Nynorsk Mediesenter vart oppretta i 2004. Ideen om eit eige Nynorsk kompetansesenter gjorde og sitt til at NRK Sogn og Fjordane overlevde som sjølvstendig distriktskontor. NRK Sogn og Fjordane sat på god kompetanse og erfaring med over 50 nynorskbrukande journalistar i perioden 1990 til 2000. Frå sjefstolen i NRK Sogn- og Fjordane gjekk Magni Øvrebotten over i leiarstillinga i Nynorsk Mediesenter.

Visste du at det einaste nynorsk-hotellet i Oslo også er nyrenovert?

Alle som er tilslutta LNK får sjølv sagt medlemspris. Be om LNK-pris neste gong du tingar rom.



Velkommen til kulturhotellet i Oslo sentrum!

Nynorsk Mediesenter

Stolt nynorsk er visjonen til Nynorsk Mediesenter. Senteret skal medverka til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt.

Nynorsk Mediesenter skal og medverka til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruka språket sitt, og såleis auka det språklege og kulturelle mangfaldet i medie- og samfunnsdebatten.

Senteret lyser etter praktikantar til det 9. kullet med søknadsfrist i midten av april.

Kjeld: nynorskmediesenter.no (status per 14.03.2008)



Hotell Bondeheimen

Rosenkrantz'gate 8, 0159 Oslo
Tlf: 23 21 41 00
booking@bondeheimen.com
www.bondeheimen.com

Vanylven



Ser lys i tunnelen

Frå 2001 til 2005 mista Vanylven 400 industriarbeidsplassar og ti prosent av folketalet. No er det omstilling for alle pengane, og med Stad skipstunnel ser det reint lysteleg ut.

SIGBJØRN HØIDALEN
sigb-ho@online.no

Kva er det som er 1.700 meter langt, 37 meter høgt, 34 meter breitt og 12 meter djupt? Svaret er Stad skipstunnel, verdas første tunnel for føring av skip, om lokale krefter får det som dei vil.

- Stadhavet er Europas mest værharde havstrekning. Hurtigbåtar har ikkje lov til å runde Stad, og hurtigruta, brønnbåtar og containertrafikken har store problem, fortel samferdselsrådgjevar Svein Gjelseth.

EIN VERDSATTRAKSJON

Ein tunnel gjennom Stadlandet, med ein prislapp på 1,3 milliardar kroner før moms, vil løse flokane.

- Det er rekna ut at 85 prosent av skipstrafikken langs kysten vil bruke Stad skipstunnel. Dette blir ein verdsattraksjon og ei vitamininnsprøyting for reiselivet, trur Gjelseth.

Skipstunnelen vil ligge i Selje kommune i Sogn og Fjordane, men rett i leida mot Vanylven. Vanylven har difor engasjert Gjelseth, som har erfaring frå samferdselskomiteen på Stortinget, til å jobbe fram prosjektet.

- Me håpar på eit positivt stortingsvedtak i løpet av neste år, og at tunnelen kan vere seglingsklar i 2014. Me har allereie fått ei god tilråding frå kystdirektøren i Ålesund, seier han.

SKAL BLI EIT TUSENBEIN

I 2002 hadde Vanylven kommune 3.899 innbyggjarar, i fjor berre 3.536. På kort tid forsvann det nærare 400 industriar-



Samferdselsrådgjevar Svein Gjelseth (t.v.) og Vanylven-ordfører Jan Helgøy med Stadlandet som eit Soria Moria-slott bak seg. Endå meir lovande blir det om Stortinget i løpet av neste år går inn for å byggje Stad skipstunnel. (Foto: Sigbjørn Høidalen)

beidsplassar, og stemninga i bygda var dystert.

- Vanylven har vore som eit stankelbein, med skipsindustri og bergverk som høge, men ustøe bein. No skal me prøve å bli eit tusenbein, bli stødigare gjennom å få eit meir variert næringsliv, forklarar ordførar Jan Helgøy.

Sjølv har han laga eit lite næringsbein med sine grøne fingrar. Kvart år dyrkar ordføraren 120 tonn agurk og 10 tonn tomat i Helgøy gartneri, med eige minikraftverk som syter for varmen. Då han i 2004 dreiv fram landets høgaste solsikke i drivhuset sitt, i ein konkurranse lyst ut av nærings- og handelsdepartementet, blei det som eit symbolsk omslag for kommunen. Der det var tap av arbeidsplassar og folkeflukt, skulle det bli trivsel og vekst.

- Sidan 2003 har me hatt status som omstillingskommune i Møre og Romsdal, og i fjor fekk me 25 millionar kroner i omstillingsmidlar frå staten. Me har etablert ein stor næringspark, me tilbyr billige bustader og me har greidd å snu nedgongen i folketalet. I følge kommunalminister Magnhild Meltveit Kleppa har me kanskje sett noregsrekord i omstilling, fortel ordføraren.

EIGEN BULYSTKOORDINATOR

Ein som skal bidra til framgangen er Espen Wingaard, som begynte i jobben som "prosjektiear bulyst" første januar i år.

- Eg kjem til å jakte på dei gode historiene, som kan syne at Vanylven er litt annleis på ein positiv måte. Som til dømes historia om spa-barnehagen vår,

som har fått mykje merksemd i media, seier Wingaard.

Han har hatt møte med ungdomen i bygda, som ynskjer seg møteplassar, laglege bustader og arbeidsplassar.

- Me må få fleire kompetanseverksemder hit, fleire spanande arbeidsplassar for ungdom og kvinner, fortel han.

- Me må skape stoltheit kring det å bu i Vanylven.

Alt før første arbeidsdagen bidrog Wingaard positivt, då han i fjor haust flytta frå Sola i Rogaland til Vanylven med kone og fire born.

- Det ser ut til at folketalet i fjor heldt seg tilnærma heilt stabilt. Det er i så fall det beste resultatet på 30 år, seier han.

Vanylven



Vanylven kommune sitt slagord: **"Trivsel skaper vekst"**

Vanylven ligg ute ved kysten i sørvestre hjørne av Møre og Romsdal, rett innanfor Stadlandet. Flatemål: 385 kvadratkilometer

Innbyggjartal 1. januar 2007: 3.536

Innbyggjartal 1. januar 2002: 3.899

(Tallet for 1. januar 2002 er etter at Hakallestrand og Åram blei overført frå Sande kommune til Vanylven.)

Kommunesenteret ligg på Fiskå, ei bygd med vel 900 innbyggjarar. Elles bur folk delt utover på bygdene Åheim, Slagnes, Sylte, Hakallestranda, Eidså, Syvde, Rovde og Sørbrandal.

Lokalavis: Synste Møre (lokalavis for Vanylven og dei næraste bygdene)

Hjørnesteinsverksemder: North cape minerals, Siem offshore, Rovde shipping og Rovde møbelfabrikk.

Dei 21 medlemene i kommunestyret fordeler seg slik:

Kristeleg Folkeparti.....	5
Senterpartiet.....	3
Høgre.....	2
Venstre.....	2
Arbeidarpartiet.....	4
Framstegspartiet.....	4
Kystpartiet.....	1

Ordførar: Jan Helgøy (KrF)
Varaordførar: Magne Løvoll (Sp)
Rådmann: Einar Vik Arset

Vanylven



Rotfast i Syltedalen

Hilde Myklebust (29) er lyriker, småbrukar, teaterlærer og ungdomskulturarbeidar, og ho elsker heimstaden sin i Vanylven.

SIGBJØRN HØIDALEN
sigb-ho@online.no

"Eg høyrer til bak dei store steinane i fjøsmuren, som ein kan lene seg inntil og kjenne slektskapen og arva frå dei som har vore før meg," skriv Hilde Myklebust som ei programerklæring i bloggen Botnfall. Då faren døde i 2004 flytta ho frå studiar i Bergen heim til småbruket i Syltedalen, der ho saman med mora steller to islandshestar og ein liten flokk med sauer. I 2005 kom debutdiktsamlinga "Berre dagar seinare".

- For å skrive er eg avhengig av naturen og stillheita her, forklarar Myklebust der me sit i den vesle skrivestua heime på garden hennar.

- Eg lika godt å studere i Bergen, men eg er ikkje noko bymenneske, held ho fram.

PÅ LIVET LAUST

Myklebust har sterke kjensler for menneska og dyra kring seg. Noko av det verste ho veit, er når slaktebilen kjem om hausten for å hente sauene:

- Du skal sjå meg då. Då grin eg.

Ho huskar første gong ho sat med eit lam som døde mellom hendene hennar.

- På ein gard får ein eit nært forhold til liv og død, til kretsløpet, fortel ho.

*Ned ved elva
står eg
mellom morkna krossar*

*I myrjorda ligg kattar
sauer og lam
Den gamle slitne
besten til farfar*

*Det er vanskeleg å finne
ei ubrukt grav*

(frå samlinga "Berre dagar seinare")


TEATERGRUPPA AMIGOS

Det er midten av februar. I skrivestua har årets første solstrålar nett funne vegen over fjellet og inn glaset. Myklebust minnest då ho flytta heim att til Syltedalen i 2004. Då tenkte ho at det kanskje ville bli litt tungt, at folk i heimbygda var litt tunge. Det har ikkje slått til.

- Folk her er velvillige og supre til å gjø tilbakemeldingar. Fleire har sagt at diktsamlinga mi har vore ein dørøpnar for dei, folk som aldri har kjøpt ei diktbok tidlegare. Betre respons kan ein ikkje få, meiner ho.

Men lyrikk og småbruk er ikkje nett noka gullgruve. Difor har Myklebust deltidsjobb i Vanylven kommune som ungdomskulturskulent og teaterlærer. Å starte ei teatergruppe har lenge vore ein draum.

- Teatergruppa heiter Amigos, og i april har me premiere på farsen "Tante Lotta". Dette er artig og gjevande arbeid.



Hilde Myklebust med dei to islandsbestane Svala og Tindra heime i Syltedalen. På ein god dag lyder Svala òg namnet Søthonningklumpedokkeklokkeblomevakretindrehjartejenta. (Foto: Sigbjørn Høidalen)

Og ungane som er med, er veldig flinke, seier Myklebust stolt.

Ho held òg på å førebu ungdomane si kulturmonstring, med 17 innmeldte sceneinnslag og like mange utstillingssobjekt. Kulturlivet blømer, medan innspurten på ungdomsarbeidaren si nye diktsamling får svi, får me høyre.

PÅ TURNÉ

Når Myklebust ikkje er heime i Vanylven, er ho kan hende i Bergen eller Oslo for å lese opp. Eller ho er rundt på skular i

Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane med ei førestilling om ordglede og leselest, som ho har laga på oppdrag frå Nynorsk kultursentrum. Med i oppsetjinga er òg figuren Lurivar, tunkatten på Ivar Aasen-tunet i Ørsta.

- Men inspirasjonen får eg heime på garden, og når eg er på tur i fjellet. Då har eg alltid med meg kladdelappar i lomma, seier syltedalingen.

Forfattarboom i Vanylven



Skrivestua har Hilde Myklebust innreidd slik besteforeldra hadde det. Berre cd-spelaren røpar at tida har gjort nokre sprang sidan 1950-talet. (Foto: Sigbjørn Høidalen)

På fire år debuterte det tre forfattarar frå Vanylven kommune på Samlaget. Først ut var Øystein Vidnes i 2002 med novellesamlinga "Bondforteljingar". I 2005 kom Maria Parr med barneboka "Vaffelhjarte" og Hilde Myklebust med diktsamlinga "Berre dagar seinare".

- Ein ting har me felles frå oppveksten. Det er at me har skrive for lokalavisa Synste Møre. Lokalavisa har vore kjempeviktig som ein plass der me kunne få ting på trykk, fortel Hilde Myklebust.

Sjølv har ho òg ein oldefar som skreiv mykje, og på nabogarden i Syltedalen budde visekunstnar og politiskar Marie Lovise Widnes, kjent for blant anna diktet "Gangdøra heime".

ABC
Startsida

Over 600.000
unike brukarar
kvar einaste dag!

Noregs einaste
nynorske startside

www.startsida.no

Vanylven



Verdsleiande på olivin



Prosessoperatør Mindor Sjøstad følger med på at olivinstein kjem frå dagbrotet og inn i det store sikteverket på Åheim i Vanylven.

Mineralet olivin er ikkje berre grønfarga, men òg miljøvenleg. Olivinverket på Åheim i Vanylven har nok stein til å halde det gåande i 500 år.

SIGBJØRN HØIDALEN
sigb-ho@online.no

- Ved å bruke olivin i staden for dolomitt i produksjonen av stål, kan me hindre store utslipp av klimagassen CO₂, fortel direktør Ove Sollid ved olivinverket på Åheim.

Både olivin og dolomitt blir bruka til å dra slagget ut av jernmalm. Men medan dolomitt er eit karbonat, som blir

til karbondioksyd i smelteprosessen, gir olivin null utslipp.

- Mange stålverk har allereie gått over til olivin av økonomiske årsaker. Blir det sett ein pris over heile verda på utslipp av CO₂, blir olivin endå meir attraktivt, seier verksdirektøren.

SANDBLÅSING OG EDELSTEIN

Olivin har evna til å binde fast skadelege tungmetall, og til sandblåsing er det betre for helsa enn kvartshaldig stein. Når verket på Åheim i tillegg berre har ein alvorlig konkurrent, eit verk på Grønland, har Sollid grunn til å vere optimist.

- No held me på å levere fôringsstein til verdas største aluminiumsverk, som blir bygd i Qatar. Olivin tåler høg temperatur, og fôringssteinen me har utvikla, skal brukast i smeltekar der nede, fortel han.

Sollid har meir på lager. Blant dei vel to millionar tonna med olivin som arbeidarane på Åheim bryt ut kvart år, finst det ein og annan heilt glasklar stein. Det er edelsteinen peridot, eller fattigmanns smaragd. Som eit stunt har verket lagt ut olivingrus ved ein rasteplass i bygda, der turistar kan leite etter edelsteinar.

MANGLAR INGENIØRAR

Staten eigde olivinverket på Åheim fram til 2003, då dei selde alt saman for 800 millionar kroner. I dag er verksemda underlagt North Cape Minerals.

Medan verket på det meste hadde nær 240 tilsette, er talet no nede i kring 140. Verksdirektøren har likevel vanskar med å få tak i folk.

- Eg har nettopp tilsett to, og skal tilsette to til. Å få tak i nok sivilingeniørar er håplaust, fortel Sollid.

Auke trass folkenedgong

Medan folketalet i Vanylven har gått jamt nedover på 2000-talet, har lokalavisa Synste Møre auka opplaget. Bladet med røter tilbake til 1970 hadde i 2007 eit godkjent opplag på 2.358 aviser, 84 fleire enn året før og 161 fleire enn i 2004.

- Det er heilt utruleg. Eg forstår ikkje korleis me greier det, seier redaktør Vidar Parr.

Han meiner avisa har si del av æra for at kommunen kom seg ut av den



Redaktør Vidar Parr kan vise til vekst for Synste Møre.

djupe depresjonen på byrjinga av 2000-talet.

- Då det såg som mørkast ut med tap av arbeidsplassar, leita me med lys og lykte etter positive næringslivssaker. Det kan vere på sin plass å diskutere om lokalavisene er for snille, men eg ser iallfall at me har ein viktig identitetsskapande funksjon, fortel Parr.

WWW.MAGASINETT.NO

einaste intelligente nettstaden for ungdom
- på nynorsk!

Stadig nye lokalaviser

Det blir stadig danna nye lokalaviser. Denne veka har Landslaget for lokalaviser (LLA) fått ti nye medlemsaviser. Seks av dei er ferskingar som er etablerte det siste året.

Det er første gong i historia at styret i LLA har fått så mange medlemsaviser på ein gong.

Både Gauldalsposten, GrensePosten, Framtia, Sortlandsavisa og Åmliavisa kom ut for første gong rundt nyttår. I tillegg blei Klæbu-Posten etablert for eitt år sidan.

Ved sida av dei seks nykomarane, er også Brønnøysunds Avis, Helgelands Blad, Sandnesposten og Vesterdalens Avis blitt med i LLA.

Generalsekretær Rune Hetland gler seg over framgangen for lokalavisene.

– Alt dette viser at lesarane og annon

sørane har tru på lokalaviser som ein levedyktig kanal, seier han. Hetland er særleg imponert over dei som startar heilt nye lokalaviser.

– Det er tøft å starta opp små aviser, men samtidig er det eit svært meningsfullt prosjekt. Nyetableringa viser også at produksjonsstøtta og etableringsstøtta for lokalaviser faktisk fungerer godt. Det er relativt små summer som går til lokalavisene, men denne delen av pressestøtta gjev no utslag i enda større mangfald, seier Hetland.

Sidan 1995 er det etablert rundt 75 nye aviser i Noreg. Nokre har kome og nokre har gått, men nettotilveksten er positiv. Lokalavisene har samla sett også hatt vekst i opplaget dei siste 16 åra. (©NPK)

Kan det vera god kommuneøkonomi å bli heime?

Foto: Siri Nodeland



Siren Vetnes Johannessen leiar HMS-prosjekta i Mandal Kommune.

I 2003 hadde sjukefråveret i Mandal kommune blitt så høgt at kommunestyret avgjorde at noko måtte gjerast. Med støtte frå KLP sette kommunen i gong eit omfattande HMS – prosjekt. Knappt 2 år etter at Nærversprosjektet blei starta opp, var sjukefråveret redusert med mest 30 %. Den positive trenden har halde fram. I desse dagar vert Tillitsprosjektet lansert, eit fire-årig pilotprosjekt der KLP også er med.

SUMMEN AV MANGE SMÅ TING

Aktivt HMS – arbeid handlar om tiltak på mange plan. I Mandal får folk høve til jobbrotasjon. Alle tilsette som er heilt sjukemelde i meir enn 3 veker blir inviterte til ei samtale med Bedriftshelsetenesta. Folk i "faresona" får også tilbod om trening i arbeidstida. Det er til og med akseptert at folk i gitte situasjonar kan ha godt av å bli heime i staden for å gå på jobben. Ein tur i skogen, til dømes, kan vera helsebringande.

INNSIKT OG KOMPETANSE

– Det er betre å vera vekke frå jobben ein dag eller to enn å havna på langtidssjukemelding. Poenget er at kvar einskild tek ansvar for si eiga helse, seier Siren Vetnes Johannessen, leiar av prosjekta. Og legg til: – KLP har vore ein viktig støttespelar. Deira innsikt og kompetanse på HMS-området har vore ein av suksessfaktorane i Nærversprosjektet i Mandal.

I KLP trur me det er dei som "kjenner kvar skoen trykkjer" som veit best kva som kan hjelpa. Difor støttar vi kundedrivne HMS-tiltak og har bidratt i mange vellukka prosjekt innan førebygging, tilrettelegging og livsfasetilpassing. Berre i 2006 var vi involverte i 120 ulike HMS-tiltak. Les meir på www.klp.no. Me deler gjerne våre erfaringar og vår kompetanse med enda fleire.

KLP
for dagane som kjem



Å kryssa ein fjord...

Foto: Øyvind / NTB



...er eit stort mål for mange. Det gir framtidstru og vekst.

Kommunekreditt vil at det skal bli lettare å krysse fleire fjordar.

Gjennom femten år har me vist vilje til å finne gode løysingar for kommunenoreg, slik at midlane strekker lenger.

**KOMMUNE
KREDITT**

NORGE

Beddingen 8, 7410 Trondheim

(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)

Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81

e-post: post@kommunekreditt.no www.kommunekreditt.no

Vil skape undring

Rasmus Løland-markeringa 2007 – 2011 lanserer no eit pedagogisk prosjekt der undring og skapekraft står i sentrum.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Det tverrfaglege prosjektet har fått namnet "Kvitebjørnen" og er tilrettelagt for elevar frå 6. – 10. klassetrinn. Å lære å forstå sitt eige lokalsamfunn og dei kvalitetane som finst der, å gjere elevane stolte av staden dei kjem frå og la dei



Dagleg leiar i Rasmus Løland-markeringa 2007– 2011 lanserer no eit nytt pedagogisk prosjekt der tekstane til Løland står i sentrum. (Arkivfoto)

aktivt kunne ta del i og påverke utviklinga vidare, er ein raud trå i satsinga. Prosjektet startar opp til hausten og går over fem år.

LEDIGE PLASSAR

Rasmus Løland - markeringa er no i gang med å kontakte ein del pilotskular som

skal vere med i ein prøveperiode, før det pedagogiske opplegget etter planen skal kunne brukast fritt av skulane. I følgje dagleg leiar i markeringa, Marny Skeie Henkel, er det framleis ledige plassar i pilotprosjektet. Eit sentralt mål er også å få skular som har ei god geografisk spreiding.

- Formålet med prosjektet er å stimulere til meir lesing og skrivning blant barn og unge, fortrinnsvis på nynorsk. Men me har også bokmålsskular med i prosjektet, noko me er svært glade for, seier ho og peikar på at det langsiktige målet er at ein i framtida kan sjå fleire unge forfattarar debutere.

Prosjektet har nøkkelord som identitet og at ein kan vere stolt av sin eigen heimplass, seier Henkel og viser til kor viktig det er å stå støtt på det ein har fått med seg frå fødselen av.

Rennesøy skule er ein av skulane som skal vere med i pilotprosjektet. Rektor Vigdis R. Fossåskaret meiner prosjektet ser spanande ut og har forventningar til at prosjektet skal gi motivasjon og inspirasjon, både til lærarar og elevar.

BRUKER NETTET

- Me vart med i prosjektet fordi ein av lærarane våre meinte dette såg kjekt ut. At prosjektet går over fleire år og gir lærarane våre gratis kurs og fagleg påfyll er svært positivt, meiner Fossåskaret.

Det pedagogiske prosjektet er knytt opp til Kunnskapsløftet og vil berøre kompetansemål i fleire fag, som norsk, samfunnsfag og matematikk. Den første samlinga for lærarane i pilotprosjektet er lagt til september. Prosjektet vert lagt opp etter pedagogiske hefte som er utarbeida med utgangspunkt i barne- og ungdomstekstar av Rasmus Løland. To veker kvart år skal pilotskulane arbeide med desse tekstane. Ei anna viktig satsing i prosjektet er nettet. Ein skil etter planen utarbeide ein eigen nettstad der lærarar og elevar skal finne informasjon, tips og rettleiing. Marny Skeie Henkel legg også vekt på at blogging etter kvart vert eit viktig verktøy undervegs i prosjektet.

Etter kvart skal det pedagogiske prosjektet distribuerast frå det planlagde senteret for nynorsk litteratur for barn og unge. Dette senteret er eit samarbeid mellom Ryfylkemuseet på Sand i Ryfylke og Rasmus Løland-markeringa.

Mot nye mål

11.500* unike brukarar
169.000* sidevisingar i veka
Oppdatert kvar dag

24.000** lesarar
måndag tysdag onsdag
torsdag fredag

= større dekning

et kommu...
k situasjon...
nye ting, m...
na. Dette sk...
e komment...
apsrapport...
Han peikar...
ske analyse...
ner at pres...
de teneste...
vesterings...
n fører til...
amt, og prio...
Sveio kom...
ert mykje. D...
nskeleg å l...
ester eller...
lanfor dei...
a er tildelt...
era vekk a...
t rapporten...
n rapport...
grunn til u...
Badi or h...
d sett i ga...
n og følgj...
erlegare t...
Mellom de...
n til, er ei...
alle tenes...
på å få fr...
nsial. I de...
ta retta s...
ingar som...
neskapsut...
n vil og ka...
på eining...
ika omstil...
å sjå til...
rdering av...
ysing av...
erne dele...
gjennomg...
edell for...
sar til sk...
beidet me...
ministrati...
på å frigj...
da fram.
Det går v...
fre apira...
ed sjølvst...
nsippet er...
g resultat...
es innen...
men den...
n totalt...
krev enno...
større de...
iplin.
Tala for...
erforbruk...
llionar kr...
Rar barne...
ek på 3,1...
ma opp i...
3,7, so...
t gjort ko...
område h...
er overfo...
r og vil k...
som det...
fringar. P...
atteinnko...
sa, ste ha...
reskøya «...
i Fjoldrø...
04, men...
no ikkje...
ss kommu...
flom ann...
000 kro...
Saka ha...
fleimune...
etter det...
vart vurd...
ner. Eigar...
vedtaket...
nde difor...
innen i v...
er e måna...
Be ne fekk...
ne saka...
F n klagein...
v a sjølv...
n dette...
lokale ny...
stordif...
syes

Nynorskpris for journalistar 2008

(NPK): Kultur – og kyrkjedepartementet har oppretta ein nynorskpris for journalistar. Prisen – 50.000 kroner og eit norsk kunstverk – skal delast ut for tredje gong under Dei Nynorske Festspela i Ørsta i slutten av juni.

Magni Øvrebotten ved Nynorsk Mediesenter sit i juryen som skal velja ut prisvinnaren. Ho minner om at fristen for å fremje kandidatar er 1. mai, og at juryen er avhengig av gode kandidatar å velja mellom.

– Nynorskprisen skal fremje bruk av nynorsk i media og årleg ære ein dyktig journalist som er eit føredøme for

andre, seier ho.

– Prisen går til ein journalist som har utmerkt seg med bruk av levande og god nynorsk i media, og som gjennom arbeidet sitt har gjeve nynorsken status og innpass på nye område. Alle framlegg om kandidatar må ha ei skriftleg grunngjeving. (©NPK)

Ventar på nynorskfond



- Vi har håp om at Vinjefondet for styrking av nynorsk journalistikk blir realisert i samband med språkmeldinga, seier leiari i mediemållaget, Berit Rekve.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

I 2005 gjekk Ap, Sp og Sv til val på ein felles kulturpolitisk plattform, Kulturløftet. Kulturløftet går ut på at 1 prosent av statsbudsjettet skal gå til kultur og listar vidare opp 14 punkter for kultursatsing. Mellom dei konkrete tiltaka finn ein i punkt 11 Styrking av det norske språk eit forslag om å opprette eit eige fond som skal styrke den nynorske journalistikken.

Berit Rekve og Mediemållaget forventar at regjeringa oppfyller løftet om eit eige fond for nynorskjournalistar. (Foto: Arne Sigurd Haugen, NPK)

Dette fondet er framleis ikkje oppretta og no ønskjer Mediemållaget å minne politikarane på dette tiltaket. I februar sendte derfor laget ei fråsegn til kulturminister Trond Giske (Ap) som oppmoda om at Vinjefondet blir realisert i samband med handsaminga av stortingsmeldinga om norsk språk som skal kome i april.

STØRRE AMBISJONAR

Leiaren i mediemållaget seier laget forventar at Regjeringa og Stortinget no oppfyller lovnadene dei har gitt i Kulturløftet og Soria Moria-erklæringa om å styrke det norske språket.

– Om nynorsk reelt sett skal bli eit jamstilt riksspråk, trengst det ekstra innsats på ulike område i kultur- og kunnskapspolitikken. Slik har det alltid vore. No er det på tide å heve ambisjonsnivået endå nokre hakk og få på plass gode strategiar og tiltak, seier Rekve.

Mediemållaget ser for seg at eit slik fond kan nyttast til stipend- og frikjøpsordningar, utviklingsprosjekt og kompetanseheving.

Møt oss på Skoleforum 21. og 22. april
på Norges Varemesse på Lillestrøm

Delta på våre gratis kurs:

Microsoft set fokus på korleis ein best kan nytte teknologi i klasserommet for å auke kvaliteten på pedagogisk bruk av IKT. Presentasjonane inneheld praktiske dømer og alle deltakarar får utdelt DVD med mange nyttige ressursar og ferdige undervisningsopplegg.

Klokkeslett	Mandag 21. april	Tirsdag 22. april
10.00	Pedagogisk bruk av Office 2007	Pedagogisk bruk av Office 2007
11.00	Pedagogisk bruk av OneNote	Pedagogisk bruk av OneNote
12.00	Hvordan bruke Live@Edu	Hvordan bruke Live@Edu
13.00	Photostory i praktisk bruk	Photostory i praktisk bruk
14.00	Pedagogisk bruk av Office 2007	Pedagogisk bruk av Office 2007
15.00	Pedagogisk bruk av OneNote	Pedagogisk bruk av OneNote
16.00	Microsoft Learning Gateway	Microsoft Learning Gateway



Byfolk held liv i sauer

Sauenæringa i Fjærland går nye tider i møte. Dyr på sommarbeite får mellom anna postkort frå sponsorar i Oslo.

INGRID HILLESTAD
 ingridhillestad@hotmail.com

"Spons ein sau" kallast ordninga som sidan 2004 har gjeve sauebøndene i Fjærland litt ekstra å rutte med. Dette er med på å gjere det mogleg for dei å halde fram med ei etterkvart mindre lukrativ næring. Målet er samstundes å auke kunnskapen om og fokuset på truga kulturlandskap.

- Eg opplevde at det var nedgang i talet på sauebønder og sauer på beite, og eg ønskte å motverke dette, fortel Eline Orheim, hovudet bak den nye ordninga.

TENKTE NYTT

Då ho for nokre år sidan flytta til Fjærland etter mange år på mellom anna Svalbard, blei ho gripen av det flotte kulturlandskapet som pregar dei bratte fjellssidene i sognebygda. Samstundes kjende ho på uro over at talet på beitedyr såg ut til å gå ned, og vidare over at landskapet viste teikn til å gro att. Ho la hovudet i bløyt og ut kom ideen til "Spons ein sau". Ordninga har no vore i drift i fire år med Orheim som primus motor og eldsjel. Tre bønder er med på prosjektet, og resultatata så langt er positive.

VIKTIG FOR LIVSKVALITETEN

Orheim, som elles jobbar med regional utvikling, meiner eit ope og pleidd landskap er viktig for livskvaliteten hos dei fastbuande. Det er også trekkplaster for dei mange turistane som kvart år kjem for å oppleve kultur- og naturbygda Fjærland.

- Det er ein viktig del av det å bu her at det ser pent ut og at me er omgjevne av flotte turveggar, framhevar ho.

Og sauen er blant dei flinkaste i klassen når det kjem til å halde landskap og stiar opne. Orheim påpeiker samstundes at årsakene til at landskapet gror att er samansette.

- Utmarka er mindre i bruk no og beitedyra er færre. Mildare klima verkar også inn. Det er tøffe krefter me kjempar i mot, men me må likevel prøve, held ho fram.

SPONSA SAU I GÅVE

Difor oppmodar ho alle som er opptatte av å ta vare på kulturlandskap om å sponse ein sau. Dette gjev nemleg fleire dyr på beite. Det nøyaktige talet på kor



Sponsorar får bilete av sauen, og får vite litt om bakgrunnen til dyret fortel Eline Orheim som står bak aksjonen. (Illustrasjonsfoto: Jan Nordtveit)

mange sponsa sauer som no vandrar rundt i Fjærlandsfjella, har ho ikkje, sida prosjektet det siste året har vore under omorganisering. Det inneber at Orheim no har overlate praktisk ansvar til ein av bøndene.

- Me har difor ikkje fått vore så ofansive siste tida, orsakar ho.

- Korleis får de tak i sponsorar?

-Mange har høyrte om oss. Folk finn fram til oss på ymse vis, mellom anna gjennom nettstaden vår. Dei fleste sponsorane kjem frå byar i Sør-Norge. Mange er frå austlandsområdet. Fleire brukar ordninga som gåve, held saue- og kulturlandskapsforkjemparen fram.

FÅR BILDE AV DYRET

Gjennom eit sponsorbevis og ei stamtafle får sponsorane vite litt om dyret dei hjelper.

- Sponsorane får bilde av dyret, dei får vite litt om bakgrunnen og om når dyret går på beite. Sponsorane får også tilbod om å vere med på tilsynstur med bøndene. Slik kan dei få innblikk i kva det vil seie å vere sauebonde, i tillegg til at dei får ei naturoppleving, fortel ho.

Orheim synst så langt det er litt for få som har nytta høvet til å vandre med bøndene i Fjærlandsfjella. Ho håpar fleire etterkvart kjem reisande for på denne måten å få treffe saue dei støttar.

- Dei som har vore med, synst det har vore spennande, påpeikar ho.

SOSIALT TILTAK

Sponsorar som så langt ikkje har nytta høvet til å gå tur, har funne andre metoder for å knyte tettare band til dyra.

- Eg har fått høyre fleire søte historier om folk som mellom anna sender kort til sauen sin, fortel Orheim.

Ho legg til at bøndene som er med på prosjektet, synst det har vore positivt og lærerikt. Dei får ein ny type kontakt med folk.



Katten

Katten sit i tunet når du kjem Snakk litt med katten. Det er han som er varast i garden.

Av Olav H. Hauge, som ville ha fylt 100 år i 2008.

"Spons ein sau"

- Kvar sponsor betalar 450 kroner årleg. Dette er med på å gjere sauehaldet i Fjærland levedyktig.

- Pengane går til fellestiltak som skal auke kunnskapen om kulturlandskap, ein del går som tilskott til bøndene og ein liten del av sponsorpengane blir

brukt på administrasjon.

- Sponsorane får tilsendt sponsorbevis, bilde og stamtafle for dyra dei sponsar. Dei får også tilbod om å vere med bonden på tilsynstur.

- Prosjektet har eigen nettstad: www.sponseinsau.no

I fotefara av RASMUS LØLAND frå Hylen til Hall

Tiramisu arrangerer i samarbeid med Rasmus Løland-markeringa

litterær reise til Tyskland og Austerrike
2. – 9. oktober 2008

med forfattar og Lølandbiograf Ernst Berge Drange som forteljande reisefylje. Turen går frå Stavanger / Oslo innom Berlin, Rudesheim og Hall.

Pris: kr 13.900

Inkludert er flyreise, buss/tog, hotellopphold, frukost og eit fellesmåltid til dagen. Enkeltromstillegg: kr. 1700.

Påmelding til Marny Skeie Henkel, marny@nashornet.no, eller tlf. 52 79 06 20 innan 1. mai.

TIRAMISU
 reiser med smak
 4233 Erfjord tlf: 92455622
www.tiramisu.no



Meir om Løland, markeringa og fullt program for turen på

www.nashornet.no

RASMUS LØLAND-MARKERINGA
 2007 - 2011

Norsk Plan as

Startsida

SpareBank 1 SR-Bank

Fringesunds Avis

UNDRANDE
 OG SKAPANDE